



2018 -2020

## HEMSEDAL KOMMUNE



Beitebruksplan

2018-2020

## 1 INNHALD

### Innhald

1	INNHALD .....	2
2	FØREORD .....	5
	Viktige tema det har vore ønskje om at planen skal omhandle:.....	6
3	INNLEIING .....	7
	Målsetjing .....	8
4	HISTORIKK OG FAKTA. ....	9
4.1.	Naturgrunnlag og beitekvalitet: .....	10
4.1.1	Areal og topografi.....	10
4.1.2	Geologi og lausmassar.....	12
4.1.3	Klima .....	13
4.2.	Bruksstruktur og husdyrhald i Hemsedal: .....	14
4.2.1.	Jordbruksjord.....	14
4.2.2.	Husdyrhald.....	16
4.2.3	Utvikling i tal og storleik på besetningar som søker om produksjonstilskot.....	21
4.2.4.	Mjølkeproduksjon og stølsdrift .....	21
4.2.5.	Beitebruk .....	23
4.2.6.	Beitetrykk.....	24
4.2.7.	Tap av husdyr på beite .....	25
4.3.	Økologisk landbruk.....	28
4.4.	Tamreindrift .....	29
4.5.	Organisert beitebruk: .....	30
1	Torsetstølane beiteområde .....	33
2	Skyrvedalen beiteområde .....	34
3	Eikre-Aalrust og Nøreli beiteområde.....	35
4	Lykkja-Markegardslia beiteområde .....	36
5	Kvannegrø-Lægeret beiteområde .....	37
6	Ulsåkstølane-Løkjestølane-Fekjastølen beiteområde .....	38
7	Trøymsbotten beiteområde .....	40
8	Holdeskaret beiteområde.....	41
9	Kvitingane beiteområde .....	42

10 Storebotten-Vabuleino beiteområde .....	43
11 Nord Hydalen beiteområde.....	44
12 Sør Hydalen beiteområde.....	45
13 Heimdalens beiteområde .....	46
14 Lio-Liastølane.....	47
15 Fagerset beiteområde .....	48
16 Veikinn beiteområde .....	49
17 Bulin beiteområde.....	50
18 Mørekvam-Søteli beiteområde .....	51
19 Laudøla-Mørkedalen .....	52
20 Bjøberg .....	53
21 Flæfjelldrifta .....	54
Kulturlandskapsområdet Jordheim og Grøtogardane.....	55
4.6. Verdiskaping:.....	57
4.6.1. Fôrverdi av utmarksbeiting.....	57
4.6.2. Verdi av produkt produsert på beite .....	58
4.7. Registrert verdifult biologisk mangfold .....	59
5. LOVVERK OG RAMMER. ....	61
5.1. Beitebruket sin historie .....	61
5.2. Hovudpunktene i gjerde- og beitelovgivinga .....	61
5.2.1. Gjerdelova (Grannegjerdelova av 5. mai 1961).....	61
5.2.2. Beitelova (Lov om ymse beitespørsmål av 16. juni nr. 12 1961).....	63
5.3. Aktuelle lovar og forskrifter i tilknyting til landbruket:.....	65
5.4. Lokale og regionale planar .....	67
6. PROBLEMSTILLINGAR OG UTFORDRINGAR .....	69
6.1 Færre beitedyr.....	69
6.2. Beitebruk og gjerdehald .....	70
6.3. Gjengroing, endring av kulturlandskap og tap av biologisk mangfold .....	71
6.4. Tap av dyr på utmarksbeite.....	72
6.4.1. Ulykker.....	72
6.4.2. Tap til rovdyr.....	72
6.4.3. Sjukdom .....	72
6.4.4. Laushund .....	72

6.5. Andre næringsinteresser .....	73
6.5.1. Utbygging av hyttefelt: .....	73
6.5.2. Naturbruk og friluftsliv: .....	74
6.5.3. Beitebruk og jakt: .....	74
6.5.4. CWD: .....	74
6.6. Radioaktivitet .....	76
7. VEDTEKEN NÆRINGSPLAN.....	77
7.1. Utdrag frå vedteken næringsplan .....	77
8. TILTAKSDEL BEITEBRUKSPLAN.....	79
9. LITTERATURLISTE .....	83
10. Vedlegg .....	85
Vedlegg 1 .....	85
Vedlegg 2 Vegetasjonstypar .....	86
12. Kartdel .....	89

## 2 FØREORD

Hovudutval for plan- og ressurs i Hemsedal vedtok allereie i sak 5/09 29.01.2009 at det skulle utarbeidast «Plan for beitebruk til fremme av kulturlandskapet» i kommunen. Arbeidet med planen er starta opp fleire gonger og det har vore fleire møter i prosjektgruppa, men arbeidet har blitt nedprioritert med bakgrunn i anna forefallande arbeid. Budsjett for finansiering av arbeidet har hatt ei ramme på kr. 85 000,- med finansiering frå tilskot frå Fylkesmannen på kr. 30 000,- tilskot på kr. 10 000,- frå næringa og resten finansiert gjennom kommunen via tilskot til ymse jord og skogbruksføremål og kommunen sin arbeidsinnsats.

Hemsedal kommune har i dag ein enkel beitebruksplan utarbeida i 1997 av Hemsedal sau- og geitealslag og Hemsedal bondelag. Denne planen har ein to siders tekstdel, samt eit kart over beitefelta i kommunen. Kommunen har hatt landbruksplan frå 2004 til 2015, då denne vart avløyst av ein Næringsplan for kommunen som representerer alle næringar, også reiseliv og landbruk. Landbruksplanen har likevel ikkje vore ein god nok plan for beitebruken, og det har vore ynskje om ein særskilt beitebruksplan for kommunen.

Hemsedal kommune har vedteke at beitebruksplanen skal vera ein temaplan. Planen vert då ikkje juridisk bindande, men skal vera rådgjevande i samband med utarbeiding av kommuneplan eller andre planar og einskildsaker som vedkjem arealbruk/beitebruk.

Beitebruksplanen og innhaldet i beitebruksplanen handlar mykje om problemstillingar kring privatrettslege faktorar som sameiger, beiterettar, gjerding – gjerdeplikt med meir. Dette er område der ikkje kommunen har mynde, men plana skal vera opplysande i forhold til gjeldande lovverk (beitelov/gjerdelov) og bruken og verdien av utmarksbeiteressursen.

Det har vore oppnemnt ei prosjektgruppe/styringsgruppe i samband med utarbeiding av planen. Denne gruppa har bestått av representantar frå:

- Hemsedal sankelag
- Hemsedal sau- og geitealslag
- Hemsedal bondelag
- Hemsedal og Gol bonde- og småbrukarlag
- Politisk representant
- Landbruksforvaltninga i kommunen

## Viktige tema det har vore ynskje om at planen skal omhandle:

**Kartdel** basert på Arealressurskart «sauebeite» med opplysningar om:

- beitefelt og kvar dyra går i dag
- stølsområder / viktige beiteområder
- opplysningar om sperregjerder, sankefeller, ferister, gjetarbuer, bufarsvegar m.m.

**Tekstdel** med:

- historikk
- statistikk
- kartlegging og skildring av dagens situasjon
- ressursgrunnlaget / verdien av utmarksbeite
- kulturlandskap - påverknad og utvikling
- tap – rovdyr, laushund, påkjørslar
- lovverk – beitelov, gjerdelov
- problemstillingar og utfordringar kring beitebruken

Det vart i juni 2014 inngått avtale med Norsk landbruksrådgiving østafjells ved Aslak Botten om bistand til innsamling av informasjon til kartdelen. Det vart vidare gjennomført eit møte hausten 2014 der det møtte 17 grunneigarar og det vart teikna ned ein del informasjon på kart i forhold til dagens bruk av utmarksbeite. I 2017 er desse opplysningane supplert og oppdatert, og kommunen (arealforvaltning/ landbruksforvaltning) har lagt opplysningane inn på kart.

Definisjon av omgrepene beite i beitebruksplanen vil i all hovudsak gjelde husdyr på utmarksbeite i fjell og skog som har hovuddelen av det daglege grovförinntaket derfrå. Det vil seie all beiting som ikkje skjer på innmark og inngjerda innmarksbeite. Innmarksbeiteareala er avmerkt på gardskart med gul farge og kan slik lesast ut frå kart. I ein del område ligg det innmarksbeite saman med inngjerda utmarksareal slik at dyra går på ein kombinasjon av innmarksbeite og utmarksbeite.

Definisjonen på innmarksbeite (kulturbeite) er jordbruksareal som kan nyttas til beite, men som ikkje kan haustas maskinelt og der minst 50 % av arealet skal vere dekt av grasartar og beitetåande urter. Arealet må ha eit tydeleg kulturpreg (*NIBIO 2016*).

For å oppnå målsettinga for beitebruksplanen er det gjort ein systematisk gjennomgang av beiteareala i Hemsedal, og korleis desse blir brukt. Dette er gjort av landbrukskontoret i samarbeide med bønder og beitelag. Planen skal syne omfanget og verdien av pågående beitebruk, med eit tilbakeblikk på historisk bruk og vurdering av tiltak for framtidig bruk. Planen skal ikkje løyse uavklarte juridiske situasjonar, men opplyse om lovverk og reglar som gjeld. Ein vil tilrå revidering av kartdelen minimum kvart fjerde år. Men utgangspunktet skal vera ei vurdering i samband med behandling av kommunal planstrategi som skal gjerast i starten av ein ny kommunestyreperiode. Tiltaksdelen skal reviderast kvart andre år i saman med næringa..

Alle kart i rapporten er laga av kommunen i kartprogrammet GISline og QGIS.

Foto på framsida er teke av Viel Ribberud. Andre foto der kjelde ikkje er oppgjeve, er teke av Kia Simonsen.

### 3 INNLEIING

Nasjonalt er den viktigaste oppgåva til landbruket å produsere mat. I ei tid med auke i folketall, nedbygging av matjord (nasjonalt i overkant av 6000 daa fulldyrka jord årleg) samt attgroing, er det eit overordna mål å auke produksjonen. For husdyrhaldet i Norge vil det vera ekstra viktig å bevare supplerande fôrresursar som kan hentast frå beite i utmark.

I Hemsedal, som lokalsamfunn er landbruket ei hjørnesteinverksemd. Reiselivet er heilt avhengig av eit vitalt landbruk som ein viktig premiss for korleis turistane opplever destinasjonen Hemsedal (lokal mat- og bygdekultur, visuell oppleveling og kulturlandskap, tilgang på aktivitets- og friluftstilbod i skog og utmark etc.). Beitenæringer genererer kulturlandskap, biologisk mangfald og rein mat - verdiar med aukande etterspurnad blant innbyggjarar og myndigheitar. Beitinga representerer og hausting av vesentlege økonomiske verdiar. Hemsedal med sitt klima og ressursgrunnlag må legge vekt på produksjonar basert på ressursar som grovfôr og beite. Landbrukssektoren er også viktig for busetnad og sysselsetting, og har ei sentral rolle i utvikling og bevaring av lokalsamfunnet. (*Hemsedal Strategisk næringsplan 2016-2022*).

Hemsedal kommune ynskjer eit veksande og bærekraftig landbruk i kommunen. Gardsbruka har relativt sett små innmarksareal sett i forhold til flatbygdene i Buskerud, men dei fleste har store utmarksbeiteressursar. Utmarksbeiter som er nyttbare og av god kvalitet er viktige for spesielt småfehaldet for at produksjonen kan haldast ved like og utviklast. I eit samfunnsperspektiv er utmarksbruken i stadig endring, og situasjonen i dag er prega av ulike utfordringar som auka laushundproblematikk, endringar i landbrukspolitikken, verneinteresser, auka turisttrafikk og hyttebygging. Både nasjonalt og lokalt er beitinga i utmarka over år vorte gradvis redusert og utmarka er teke meir i bruk av andre interessegrupper. Enkelte plassar kan dette føre til vanskar med tradisjonell utnytting av beiteressursane. For å sikre beitebruken i utmarka i framtida er det viktig at denne ressursutnyttinga får sin rettmessige plass i samband med den framtidige arealplanlegginga, og beitebruksplanen skal vera eit viktig dokument i forhold til kommunen sitt planarbeid. Den skal vera med å førebygge arealkonfliktar, og i samband med revidering av kommuneplanen er det viktig å få på plass beitebruksplanen for å synleggjera verdien av beitebruken i forhold til arealforvaltninga i kommunen.

Å ivareta beitebruken er også i tråd med overordna politiske føringar. I desember 2016 kom regjeringa med ei landbruksmelding der dei legg vekt på å arbeide mot eit berekraftig jordbruk, der ein tek vare på «..jordbrukets varierte og mangfoldige kulturlandskap med kulturverdiar, naturmangfald og tilgjengelelse for allmennheten». Regjeringa ynskjer også å leggje vekt på utnytting av beiteressursane, og då særleg i utmarka. Dei vil «...legge til rette for økt bruk av norske fôrresurser, herunder utmarksbeite» (Meld. St. 11 (2016-2017)).

## Målsetjing

Beitebruksplanen skal vera eit viktig dokument i forhold til arealforvaltninga i kommunen, og vera med å bevare gode beiteområde som ressurs for noverande og framtidig matproduksjon og tilleggsnæringer. Dette gjennom kartlegging, synleggjering og verdisetting av beiteressursane. Planen skal gjennom sine opplysningar vera med og legge til rette for å unngå konfliktar mellom dei ulike interessentane i utmarka.

Beitebruksplan har som føremål å:

- Dokumentere verdien av utmarksbeite i landbruksnæringa.
- Synleggjere beitebruken og beiteinteressene i utmarka på kart.
- Setja fokus på tiltak som styrkar beitenæringa, og førebygger og reduserer konfliktar.
- Sikre at beitenæringa har tilgang på areal og ressursar også i framtida




Figur 1. Bilete tatt frå Hemsedal.com

## 4 HISTORIKK OG FAKTA.

96% av Norges landareal er utmark, og beiting med husdyr i utmark og rikeleg tilgang på vilt har vore den viktigaste føresetnaden for busettnad og overleving i heile landet med unntak av kyststrøka våre. Det fins spor frå beite og drift i fjellet heilt tilbake til år 6000 f.kr, og kultur- og beitelandskapet er ein meir opphavleg naturtype enn dei fleste andre naturtypar. Utmarksbeite har derfor spelt ei sentral rolle for menneske heilt ifrå vi fekk husdyr og vart fastbuande bønder. Utmarka var i eldre tid og ein viktig ressurs for å skaffe vinterfôr til dyra (utslått, lauv, beite, skav, mose m. m.). Beiteretten har opp gjennom tida vore ein svært viktig ressurs, har grunnlag i gamal hevd og har eit juridisk grunnlag i lov og rettsavgjerd. Norge er i dag eit av få land i Europa som, om enn i reduserande grad, tek vare på tradisjonen med ei utstrakt kulturbruk av utmarka.

Omfanget av husdyrhaldet har opp gjennom tida hatt store svingingar på nasjonalt plan (sjå tabell 1). Generelt i landet var det på slutten av 1800-talet ei rask utvikling i avlsarbeid innan storfehald. Store rovviltnestandar gjorde at det også var naudsynt med gjeting. Tapet av spesielt småfe var høgt, og dyretalet gjekk ned. Etterkvar gjekk rovviltnestanden attende på grunn av intensiv jakt og rovdyra var nesten utrydda tidleg på 1900-talet. I løpet av 1900-talet har talet på sau på utmarksbeite auka gradvis. Storfe og geit har ikkje hatt same utvikling. Etter krigen har utviklinga i beitebruken gått i retning av at storfe i stadig større grad går på innmarksbeite (Skurdal 1997).

**Tabell 1.** Tabellen under er henta frå Erling Skurdal, 1997: Beiting i utmark, og viser utviklinga av husdyrhaldet i Noreg 1830-1995.



## 4.1. Naturgrunnlag og beitekvalitet:

### 4.1.1 Areal og topografi

Hemsedal kommune ligg i ein sidedal til Hallingdal nordvest for Gol. Kommunen omfattar størstedelen av dalføret og fjellområda omkring, og er ei utprega fjellbygd med 80 prosent av arealet på 900 moh. og høgare. Lågaste punkt (Hemsil sitt nivå på grensa til Gol) ligg på ca. 550 moh.

Hemsedal sentrum (Trøym) ligg på om lag 630 m.o.h. (*Store norsk leksikon 2017*).

Arealet fordeler seg slik på høgdesoner i %:

550 - 600 m.o.h.	2%
600 - 900 m.o.h.	18%
900 - 1200 m.o.h.	31%
1200 - 1500 m.o.h.	35%
1500 - 1800 m.o.h.	13%
1800 - 1920 m.o.h.	1%


Topografien minnar om Vestlandet, med dramatiske fjelltoppar som omkransar ei flat elveslette med slakare kollar og mindre fjelltoppar som ligg ikring. (*Kjelde: Landbruksplan for Hemsedal 2001*). Samla areal er på 754 km<sup>2</sup>, og av dette er 66% utmark (snaufjell og open fastmark). 3,1% av arealet er jordbruksareal og 6,8% av skogarealet er produktiv skog. (*NIBIO 2017* ). Sjå tabell 2 og 3 som illustrerer arealfordelinga i Hemsedal. I den søraustlege delen av kommunen ligg dei lågaste og mest fruktbare landbruksområda på ca. 550 m.o.h. til 600 m.o.h. Dette utgjer ca. 2 % av kommunen sitt areal. Størstedelen av kommunen er primært lågalpine vegetasjonssoner, men også flekkvis høgalpine vegetasjonssoner. Her ligg snaumarker (snaufjell) som ikkje berre utgjer mykje av Hemsedal sitt areal, men også stor del av arealet i beitområda.



Figur 2. Kviger på skogsbeite. (Bilde av Sissel Rudningen)

Tabell 2. Sirkeldiagrammet viser arealfordelinga i Hemsedal kommune i 2016. (Basert på markslagstatistikk frå NIBIO. Sjå også tabell 3)

### Arealfordeling Hemsedal 2016




Tabell 3 Arealfordelinga for Hemsedal kommune. (kjelde: NIBIO, sjå også tabell 2)

Arealfordeling	Daa	%	Jordbruks jord	Daa
Skog	165 277	21,93 %	Fulldyrka jord	12 349
Myr	23 124	3,07 %	Overflatedyrka jord	668
Snaumark og fastmark	496 628	65,91 %	Innmarksbeite	10 316
Bebygd og Samferdsel	3 398	0,45 %		
Ferskvann	41 780	5,54 %		
Jordbruks jord	23 333	3,10 %		
Total	753 540	100,00 %	Total	23 333


#### 4.1.2 Geologi og lausmassar

Den eldste fjellgrunnen i Hemsedal består av grunnfjell som er over 600 millionar år gammalt. I samband med den kaledonske fjellkjedefaldinga vart grunnfjellsplater (jotundekket) skuva inn over eit lag med yngre kambrosiluriske bergartar. Grunnfjellet, som består av næringsfattig granitt/gneis, stikk fram i den søraustre delen av dalføret. Jotundekket består av harde og sure eruptive bergartar. Desse er harde og motstandsdyktige, og utgjer berggrunnen på fjellet over ca. 1000–1100 moh. Der jotundekket er slite ned, kjem kambrosilurlaget fram. Det inneholdt kvartsitt og lettforvitrelege fyllittar som gir god næringstilførsel til plantelivet. Kambrosilur bergartane finn vi særleg i dalbotnen og i dei nordlege fjellområda mot Valdres (sjå figur 3). (Kjelde: Fylkesmannen i Buskerud 1996 og Store norske Leksikon).

Som fjellbygd har Hemsedal lite lausmassar og mykje bart fjell. Fjelltoppane er prega av forvitringsmateriale danna av frostsprenging, med lite til ingen lausmassar. Botnmorene danna i istida er dominerande lausmasse i Hemsedal. Dette er dei mest næringsrike områda og ligg langs dalbotnen (sjå figur 4). (Kjelde: Fylkesmannen i Buskerud 1996 og Store norske Leksikon).



Figur 3. Berggrunnskart over Hemsedal kommune. (Kjelde: NVE)



Figur 4. Lausmassekart over Hemsedal kommune. (Kjelde: NVE)

#### 4.1.3 Klima

Hemsedal kommune har eit utprega kontinentalt temperaturklima med varme somrar og kalde vintrar. Årsnedbøren i Hemsedal ligg på omkring 700 millimeter, med mest nedbør i juli månad. Halvparten av årsnedbøren kjem i sommarmånadene juni-september. Hemsedal har tilsig av fuktige luftmassar frå vest, sjølv om dette ikkje gir utslag i høge nedbørstal. Tåkefrekvensen er høg i fjellstrøka. Tørke er sjeldan ein avgrensande faktor for planteksten (kjelde: *Landbruksplan for Hemsedal 2001*).



Figur 5. Sau på beite ved Fjellstølan nær Solheisen

## 4.2. Bruksstruktur og husdyrhald i Hemsedal:


### 4.2.1. Jordbruksjord

Kommunen sitt jordbruksareal omfattar fulldyrka areal, overflatedyrka areal, innmarksbeite og andre grønförvekstar. Frå 1959 til 2016 auka jordbruksarealet frå 13 913 daa til 23 333 daa (*kjelde: Landbruksplan for Hemsedal 2001 og landbruksdirektoratet*). Auken skuldast først og fremst nydyrkning. Hovuddelen av den dyrka marka ligg langs dalbotnen frå Trøim og langs med elva Hemsil ned mot Eikredammen på grensa til Gol. I tillegg kjem gardane i grendene Tuv, Thorsetsida og Grøndalen på om lag 650 moh, Ålrust, Eikre og Lio på ca. 800 moh, og Lykkja på ca. 900 moh. Høgaste faste busetting i kommunen er garden Bjøberg på 1000 moh. Det er og ein del dyrka areal i stølsområda i kommunen, både på heimstølar og langstølar. Det fulldyrke arealet vert nytta til grasproduksjon. Hemsedal har store beiteressursar. Det er innmarksbeiter i dalen kring gardane og i stølsområda, samt utmarksbeite i liene kring stølane og i høgfjellet. Beitestrukturen i fjellområda i Hemsedal består av stølsområder der den enkelte gard har noko areal til full eigedom, slik som stølsvoll og nokre gonger andre teigar tildelt til beitebruk eller som dyrkingsjord gjennom jordskiftesaker. Utmarksrettane er organisert i sameiger der eigedomane har ulik eigarandel (løbbel). Det enkelte bruk sin beiterett i sameiga har som regel utgangspunkt i løbbelen / storleiken på heimebruket. I enkelte sameiger er det eigedomar som ikkje har grunnrett i sameiga, men som er såkalla «bruksberettiga». Beiterett og skogrett er eit dørme på rettar som det bruksberettiga bruket kan ha i ei sameige. Utmarksbeita ligg i hovudsak i sameigene i kommunen.

Tabell 4 under viser kommunen sine jordbruksareal, med utgangspunkt i produksjonstilskotssøknadane. Det samla jordbruksarealet har vore stigande ifrå 1995 til 2010 grunna nydyrkning av areal og at alt areal har vore i bruk. Frå 2010 og fram til i dag har det minka ved at noko areal er ute av bruk. Bruken av den fulldyrka jorda er nesten uendra gjennom dei siste 20 åra. Innmarksbeite har hatt ei jamn auke fram til 2010 (områder har blitt rydda og inngjerda), men har deretter minka noko fram til i dag. Dette har samanheng med utviklinga i husdyrhaldet i kommunen. Frå mange familiebruk med mjølkeproduksjon har strukturen endra seg til færre, og større bruk (samdrifter og store enkeltbruk) og beitebruken har endra seg som følgje av dette. Beitebruken med mange mindre bruk som nytta sine beiteareal kring hus og på stølar har blitt redusert i samband med at det har blitt store fjøs. Beitearealet kring driftsbygningen er for knapp og beitinga er delvis erstatta av mindre beiteareal/luftegardar for å tilfredsstille luftekavet/kavet til avstand til mjølkerobotten.

Ved opphør i husdyrhaldet og dermed beitebruken på ein eigedom vert eigeninteressa av å halde gjelder ved like redusert, og innmarksbeiter kan over tid gå ut av bruk. Stor innsats for å halde gjerde på leigde beiteareal, og kanskje i nokre tilfelle ei urealistisk forventning til kva ein kan få i beiteleige kan gjera at beiteareal ikkje vert bortleidd men liggande brakk.


**Tabell 4. Utviklinga i bruken av jordbruksareala i Hemsedal frå 1995 til 2017.** Tala er basert på produksjonstilskots-søknadar i frå søknadsomgangen 31.07. Samla jordbruksareal inneheld; fulldyrka jord til slått og beite, overflatedyrka jord til slått og beite, innmarksbeite, og andre grovförvekstar (Kjelde Landbruksdirektoratet ).



#### Tal søkerar av areal- og kulturlandskapstilskot:

Tabell 5 viser ei sterk utvikling mot færre som søker om produksjonstilskot og driv aktivt landbruk, og at dei som driv gjer dette i større målestokk enn tidlegare. Ein kan og slutte utifrå statistikken at mange aktive bruk leiger mykje jordbruksareal. Statistikken skjuler nokre aktive bruk ved at ei samdrift vert representert ved ein tilskotssøknad som det står fleire aktive brukarar bak.

Tabell 5. Tal søkerar om areal- og kulturlandskapstilskot pr. 31. 07 1996 til 2017. (Kjelde: Landbruksdirektoratet)



#### 4.2.2. Husdyrhald

Husdyrproduksjonen i Hemsedal har høg kvalitet og husdymiljøet i kommunen er bra.

Hovudproduksjon i Hemsedal er mjølkeproduksjon. Talet på mjølkeprodusentar har gått ned, men gjennomsnittleg bruksstorleik og kvote på dei bruka som er igjen har gått opp. Frå ca. år 2000 og fram til 2010 er det bygd fleire nye store samdriftsfjøs. Det er og bygd nye store fjøs på enkeltbruk, men Hemsedal har framleis tradisjonelle familiebruk av ulik storleik. Tabell 6 viser at det samla talet på storfe har gått ned. Ved å sjå på tabell 7 ser ein at tal kjøttfe er gradvis aukande. Hemsedal er kommunen i Buskerud med flest mjølkekryr (sjå tabell 8) med Gol og Ål tett bak. Hemsedal, og Hallingdal er svært viktige i forhold til mjølkeproduksjon på fylkesnivå.

Kommunen har inntil nyleg hatt ca. 300 mjølkegeit fordelt på tre bruk. I 2006 konverterte den eine eideomen om til kyr og vart deltar i samdrift, og i 2014 la dei to siste ned grunna store kostnadars ved ombygging i forhold til sanering (sjå tabell 6 og 11). Men det har igjen kome geiter til kommunen, og i dag består «geiteproduksjonen» av to bruk med mindre besetningar med ammegeit til kjøttproduksjon (Boergeit).

**Tabell 6: Dyretal pr. august 1975 til 201729 (Kjelde: Produksjonstilskot frå Landbruksdirektoratet, og Landbruksplan for Hemsedal 2001).**


Dyreslag	1975	1980	1985	1990	1995	2000	2005	2010	2015	2017
Hest	0	9	0	38	53	48	50	63	95	79
Storfe	2.493	2.867	3.020	3.032	2.269	2.220	2.243	2.306	2.159	2.365
Av desse mjølkekryr	1.119	1.170	1.245	1.240	843	816	842	850	747	791
Sau (winterføret søyer)	1.916	1.789	1.856	1.492	1.709	2.004	1.539	1.257	1.418	1.703
Mjølkegeit	0	376	488	300	236	240	249	168	0	0
Ammegeit	0	0	0	0	0	1	16	10	4	24
Gris	0	782	626	157	704	98	39	111	29	18
Høns	0	2.748	1.788	4.037	2.012	46	2.537	25	47	87
Pelsdyr	0	0	626	518	365	240	310	320	255	200
Hjort	0	0	0	0	0	0	61	65	148	129
Lama	0	0	0	0	0	0	0	0	12	21

**Tabell 7: Utviklinga i tal mjølkekryr og ammekryr i Hemsdal. Data er basert på søknadar om produksjonstilskot 31.07 frå 1975 til 2017. Tal frå 1994 manglar (Kjelde: Landbruksdirektoratet)**



**Tabell 8: Utviklinga i tal mjølkekyr i Buskerud.** Tala viser mjølkekyr pr. 31.07 2016 frå søknad om produksjonstilskot. Tatt frå Fylkesmannen sin tilstandsrapport for Buskerud 2017.


### Utvikling antall melkekuer



Produksjon av saupekjøt er den andre husdyrproduksjonen som er av noko storleik i Hemsedal. Tabell 6 viser at sauetalet har variert. På tabell 9 ser ein at sauetalet var minkande frå 2000 til 2010, men at det etter dette har fått ein oppsving og er aukande. Frå 2016 har det vore nasjonalt overskot på lammekjøt, og søknadar om tilskot frå Innovasjon Norge til oppstart, eller auke i sauproduksjon er i liten grad prioritert. Tabell 10 viser at tal bruk med sau er lågt i Hemsedal samanlikna med andre kommunar i fylket. Flæfjelldrifta er ikkje med i Hemsedal sin statistikk då desse sauene berre er «sumargjester» i Hemsedal.


Tabell 10 viser at sauetalet går forsiktig oppover i mange av kommunane i Buskerud.

**Tabell 9: Utviklinga i tal vaksne sau i Hemsdal.** Data er basert på søknadar om produksjonstilskot frå 1975 til 2017  
(Kjelde: Landbruksdirektoratet). Tal frå 1994 manglar.




**Tabell 10: Utviklinga i sauetalet i Buskerud frå søknad om produksjonstilskot pr. 31.07.** Diagrammet viser søker over 1 år og eldre. Kjelde: Tatt frå Fylkesmannen sin tilstandsrapport for Buskerud 2017.

### Utvikling antall sauер



**Tabell 11: Utviklinga i andre husdyrproduksjonar i Hemsdal. Data er basert på produksjonstilskotsøknadar frå 1975 til 2017 (Kjelde: Landbruksdirektoratet). Tal frå 1994 manglar.**



**Figur 6. Kviger på utmarksbeite ved Kljåen, og kjøtfe på utmarksbeite ved stigen til Kyrkjebønøse.**

Utover storfe og sau har Hemsdal også innslag av andre dyreslag/produksjonar (sjå tabell 6 og 11). Hestetalet har vore aukande dei siste åra, då mange nyttar hest i samband med turisme og fritid. Hjortekjøtproduksjon vart starta opp i Grøndalen i 2004, og det er i 2017 to bruk som driv pelsdyrproduksjon i Hemsdal. Per i dag 2017 er det 3 bruk med ammegeit ca. 30 st. Siste produksjon som er starta opp i Hemsdal er lama, og dei teller i 2017 20 stk. Produksjonar som Hemsdal har hatt innslag av tidlegare, men som no er meir eller mindre lagt ned er mjølkegeit, høner, gris og struts (struts er ikkje tatt med i statistikken da det berre er snakk om tre år med produksjon). Tabell 6 til 11 viser utviklinga i husdyrhaldet. Statistikken syner at samtidig som det blir satsa, renovert gamle driftsbygninga- og investert i nye for mjølk og kjøt, vert det også lagt ned mjølke- og sauebruk i Hemsdal.



Figur 7. Sau med lam på utmarksbeite, og lama på beite i Lykkja.

#### 4.2.3 Utvikling i tal og storleik på besetningar som søker om produksjonstilskot

Som statistikken viser er det ei utvikling også i Hemsedal mot færre og større husdyrbesetningar. Tabell 12 viser utviklinga i tall husdyrbesetningar som søker om produksjonstilskot, tal dyr og gjennomsnittsstorleik på besetningane. Samdriftene som består av fleire bruk forsterkar statistikken som viser at utviklinga går mot større besetningar.

**Tabell 12. Utviklinga i tal drifter som søker om husdyrtilskot og tal dyr som blir søkt om. Tala kjem frå søknadsomgangen i august (Kjelde Landbruksdirektoratet ).**

	1975	1985	1995	2005	2015	2017
Mjølkekyr besetningar	125	99	85	54	26	22
Tal mjølke kyr	1119	1245	843	842	747	791
Gjennomsnitt dyr pr. besetning	9	13	10	16	29	36
Sauebesetningar	76	43	27	28	25	23
Tal søyer	1916	1856	1709	1539	1418	1654
Gjennomsnitt dyr pr. besetning	25	43	63	55	57	72

Beitedyra gjer ein uvurderleg innsats med omsyn til berekraftig utnytting av utmarksressursane. Dei haustar og produserer på fornybare ressursar, samstundes som at dei held kulturlandskapet levande og opent. «Kulturlandskapspleien» er svært viktig i tillegg til maten som vert produsert, og beitedyra er den beste arbeidsreiskapen, ein trivselsfaktor og ein naturleg del av landskapet. Ressursane på utmarksbeite som beitedyra omdannar til mat av høg kvalitet kan vanskeleg nyttast på betre måte.

#### 4.2.4. Mjølkeproduksjon og stølsdrift

Mjølkeproduksjon på ku har vore hovudproduksjonen i Hemsedal frå lang tid tilbake. Fagmiljøet har vore sterkt og hemsedølen var tidleg aktiv i avlsarbeid og hadde høg mjølkeyting på kyrne sine. Mjølkeproduksjonen står framleis sterkt i kommunen, men tal mjølkeproduksjonsbruk er sterkt redusert dei seinare åra.

Frå boka «Støl og stølsliv i Hemsedal»:

*«Stølen og budeia var sjølve krumtappen i det gamle Hemsedal, då nær sagt alle levde av og med naturen. Stølen er diamanten i kulturlandskapet vårt. På det meste var det langt over 200 langstølar i Hemsedal».*

Utifrå boka er tida frå 1700 talet til ca. 1850 ei tid der innbyggjartalet i Hemsedal veks sterkt og det vert etablert mange nye gardar og stølar etter den vanskelege tida etter Svartedauden då mykje av Hemsedal vart avfolka. Det vanlegaste var at kvar gard hadde ein langstøl, men det var også gardar som hadde både to og tre langstølar. Folk flytte frå støl til støl etter som hamnene kom i fjellet og områda kring stølane dei var på vart nedbeita. I tillegg til langstølane hadde dei fleste heimstølar. Dei fleste sat på heimstølen eit par veker før dei flytte til fjells på langstølen, og kom tilbake igjen til heimstølane om hausten før dei flytte heim for vinteren. Bakgrunnen for denne driftsmåten var å hauste det naturen kunne gje der ressursane var å hente. Heile Hemsedal vart «hausta» og gamle bilete syner at lier som no er kledd med bjørk den gongen var snaue. Beitedyra og behovet for ved til stølen for koking og ysting heldt landskapet snautt og opent. Mange av stølane har berre tuftene igjen frå denne tida, men det er framleis slik at dei fleste gardsbruks i Hemsedal har heimstøl og langstøl til garden med stølsbu/fjøs. Frå ei tid med stølen som ein avgjerande ressurs for å halde liv i buskapen har stølsdrifta med mjølkking på stølen vorte meir skjeldan.

Stølsdrifta er på tilbakegang i Hemsedal. I 2000 var det 40 stølar i drift, i 2002 34 stølar i drift, i 2006 var det 26, i 2011 var det 16 og sumaren 2017 var det berre 13 stølar igjen med mjølkeproduksjon. (Stølar ned mjølkeleveranse pr. 2017 er teikna inn på kartdelen til planen). Stølsdrifta har ein sterk tilbakegang som har fleire årsakar. Mange som tidlegare mjølka på stølen om sumaren har lagt ned produksjonen. Andre er i dag ein del av eit større fjøs (enkeltbruk eller samdrift) og kalvingstidspunkt og tal mjølkekryr er ikkje lenger tilpassa fjøs, beiteressursar og beitekvaliteten på stølen. Alternativet er å dele opp besetninga og mjølke på stølen - og produsere og levere mjølk frå fjøset nede i bygda samtidig. Dette krev større arbeidsinnsats og vert fordyrande noko som gjer at denne løysinga vert valt bort i dei fleste store fjøsa.

At husdyrhaldet og drifta på stølane vert lagt ned resulterer i varierande grad til at beitemarka i og kring stølsområda gror igjen, både innmarksbeiter og utmarksbeite. På bruk som framleis har husdyrproduksjon vert innmarksbeita i mange tilfelle framleis nytta av ungdyr og sinkyr sjølv om det ikkje vert produsert mjølk på stølen lenger.

Lokalt foredra mjølkeprodukt som smør, rømme og ost vert i dag produsert og selt frå nokre få stølar. Hemsedal har også hatt to lokale større produsentar av ost, Økogarden - ei samdrift som starta opp med produksjon av fastost og Himmelspannet som starta opp som eit lokaleidt fellestiltak med produksjonslokale på den gamle meieritomta i Hemsedal. Økogarden la ned i 2012, så i dag er berre Himmelspannet igjen av desse to. Eigarsitsen der er ikkje lenger lokal, men det vert produsert økologisk ost basert på lokal økologisk mjølk, og ostane har henta heim fleire prisar. Tabell 13 viser at mjølkeproduksjonen i Hemsedal frå 2008 til 2016 er gått ned.

**Tabell 13: Liter mjølk produsert i Hemsedal fordelt på lokalt foredra og levert til Tine.**

Hemsedal	Liter mjølk lokalt foredra	Liter mjølk levert meieri	Samla produsert mjølk
2008	77 610	6 759 500	6 837 110
2009	159 199	6 525 445	6 684 644
2010	248 191	6 383 097	6 631 288
2011	207 119	6 057 861	6 264 980
2012	47 650	5 991 189	6 038 839
2013	3 695	5 940 765	5 944 460
2014	4 150	5 902 081	5 906 231
2015	10 875	6 065 360	6 076 235
2016	5 620	6 168 022	6 173 642
2017	ukjent	6 070 576	6 070 576

#### 4.2.5. Beitebruk

Dei viktigaste beitedyra i Hemsedal kommune er sau, storfe og deretter hest. Dei ulike husdyrtartane beitar forskjelleg og påverkar dermed vegetasjonen og landskapet si utforming forskjellig. Eit allsidig husdyrhald der fleire dyreslag beitar i same område (sambeiting), gir gode resultat med tanke på beitekvaliteten og er god utnytting av beiteressursane (Ål 2003).

Storfe:

Storfe beitar i fyrste omgang gras og urter, særleg langs våte områder som langs elv, vatn og myrdrag. Dei treng ei viss høgd på beiteplantene, og kan også finne på å beite lauv og halvgras som star og siv. Storfe bidreg i ein viss grad til å halde lauvskogen nede - særleg osp, rogn og selje. Intensiteten av lauvskogbeiting er forskjellig hos dei ulike storferasane (*Oppdal 2009, Ål 2003*).

Sau:

Overleppa til sauen er kløyvd, og den har i tillegg ein smalare nase enn storfeet. Dette gjer den i betre stand til å beite selektivt, og plukke ut dei plantene eller plantedelane den vil ha. I fyrste omgang et sauen urter, dernest gras og så starr og andre halvgras. I mengde så et sauen om lag halvparten gras, noko lauv og resten urter (*Bringe 2015*). Sau og lam tar opp vel 2/3 av sitt årlege totale føropptak i utmarka (*Asheim og Hegrenes 2006*). Sauen oppheld seg i lengre tid på kvar beitelokalitet og beiter snauare enn geita (Ål 2003).

Geit:

Geita streifar over eit større areal enn dei andre beitedyra, og tek gjerne berre toppen av blomar og blad på beiteplantene. Elles et den urter og lauv, og bidreg mykje til å halde skogen nede (Ål 2003). Geita ringbarkar ofte tre opp til ein viss storleik, og har vore brukt til landskapspleie og skogrydding.

Hest:

Hesten har i motsetning til drøvtyggjarane framtenner i munnen og bit av gras og urter heilt nede ved bakken. Beiteområder der hesten har gått er derfor ofte godt nedbeita. Den vel ofte gras og urter slik som sauen, og likar arter som andre vrakar som til dømes sølvbunke (Ål 2003).

#### 4.2.6. Beitetrykk

Beitetrykket seier noko om kor mange dyr som beitar på eit oppgitt areal i forhold til potensialet beitet har. Likesom beiteforma harbeitetrykket også mykje å seie for vegetasjon og landskappleie. Attgroing er ein konsekvens av for lågtbeitetrykk. For høgtbeitetrykk vil også kunne øydelegge eit godt beite. Eit optimaltbeitetrykk vil vedlikehalde beite, halde landskapet opent, sørge for optimal (før)produksjon, og kunne auke det biologiske mangfaldet. Ombeitetrykket er optimalt er avhengig av fleire faktorar som einsidig beiting med eit husdyrslag eller sambeiting, tal dyr, beitetidspunkt m.m.

Klassifiseringa av sauebeite som er vist i kartet er brukt som underlag til beitebruksplanen, og bygger på beitekapasitet som vist i tabell 14.

**Tabell 14: Kjelde Rekdal 2010**

**Beitekapasitet for dyr (samla tal sleppte dyr) på utmarksbeite med eit  
førbehov på 1 f.e. (sau) og 5 f.e. (storf) per dag. Tabellen er bearbeidd etter  
Tveitnes (1949).**

Fôropptak per dag	Beitekvalitet	Dyr per km <sup>2</sup>	Dekar per dyr
1,0 f.e. (sau)	Mindre godt beite	33 - 54	30 - 19
	Godt beite	55 - 76	18 - 13
	Svært godt beite	77 - 108	13 - 9
5,0 f.e. (storf)	Mindre godt beite	7 - 11	150 - 95
	Godt beite	11 - 15	90 - 65
	Svært godt beite	15 - 22	65 - 45



**Figur 8. Beitande kviger. Bilete tatt av Sissel Rudningen**

#### 4.2.7. Tap av husdyr på beite


##### Tap til rovdyr

Tap på beite til rovdyr har vore eit mindre problem i Hemsedal enn i mange andre kommunar (sjå tabell 15). Tap av sau til gaupe, jerv og ørn er likevel ikkje eit heilt ukjent problem. Storfe er ikkje særleg utsatt, grunna storleik. Det er stor forskjell på fjellbeite og skogsbeiter i forhold til lammetap. Gjennomsnittleg lammetap på skogsbeite i Buskerud var i 2016 6,2% (mot 7,1% i 2015). Tapet på fjellbeite ligg på 2,3%. Det vert opplyst i statistikken at ein må så langt tilbake som til 1994 for å finne tilsvarende lågt tap på skogsbeite i Buskerud. Tabell 16 og 17 under stadfestar dette, og viser tap fordelt på kommunar/sankelag 2014, 2015 og 2016. (Kjelde Fylkesmannen sin tilstandsrapport 2017).


Sauedrifta «Flæfjelldrifta» starta opp i Ål og Hemsedal i 2012. Flæfjelldrifta består av «gjestebesetningar» frå nedre del av Buskerud og er «eigd» og drive av gjetaren sitt enkelmannsføretak (Heiamodellen). Bakgrunnen for etableringa var store tap til rovdyr, spesielt gaupe på skogsbeite i nedre del av Buskerud, og desse besetningane hadde fortrinnsrett inn i denne drifta. Beitearealet ligg på grensa mellom Ål og Hemsedal og rommar ca. 2500 - 2700 dyr.

Statistikken til Flæfjelldrifta er teke inn i statistikken under då drifta delvis ligg i Hemsedal kommune. Tala for 2013 i Flæfjelldrifta viser utfordringa som ligg i oppstart i eit heilt nytt beiteområde der det berre vart slept unge dyr (ikkje eldre enn 3 år), og der beitebrukskarane også var i ein læringsfase i forhold til krav til beitekvalitet og kondisjon før dyra vart slept til fjells. Etter startfasen har Flæfjelldrifta svært låge tap.

**Tabell 15: Prosent tap av sau for Buskeruds beite og sankelag i 2014, 2015 og 2016. Kjelde Fylkesmannen sin tilstandsrapport 2017.**



**Tabell 16: Tap av beitedyr i prosent for Hemsedal sankelag og Flæfjelldrifta. Tala er oppdelt i lam, søyer og samla tap.**  
 (kjelde: NIBIO 2015 beitestatestikk)



**Tabell 17. Tap av beitedyr i tal for Hemsedal sankelag og Flæfjelldrifta. Tala er oppdelt i lam, søyer og samla tap (kjelde: NIBIO 2015 beitestatestikk)**

Beitelag \ Beite år	2013	2014	2015
<b>Hemsedal sankelag, tap av lam</b>	49	72	49
<b>Hemsedal sankelag, tap av sører</b>	24	22	18
<b>Hemsedal sankelag, samla tap av sau</b>	73	94	67
<b>Ål Flæfjelldrifta, tap av lam</b>	55	21	19
<b>Ål Flæfjelldrifta, tap av sører</b>	14	15	10
<b>Ål Flæfjelldrifta, samla tap av sau</b>	69	36	29

### Erstatning av tap til rovdyr


SNO (Statens naturoppsyn) har ansvaret for dokumentasjon av moglege rovviltskadar på husdyr og tamrein, og har eit landsdekkande nettverk av rovviltnotar, 7 stk. i Buskerud. Ved erstatning for tap av husdyr tatt av rovdyr, må rovviltnotar kontaktast med det same for å stadfeste at det er rovdyr som er ansvarleg for tapet. Meir om dette og kontaktinformasjon til SNO ligg på Fylkesmannen i Buskerud sine nettsider. Registrering av tap til rovdyr er utfordrande då det krev at husdyret vert observert raskt etter at det er dødt då åtseletarar brukar få dagar på å fjerne alle spor. Tap til streifdyr av bjørn og ulv kan førekoma. Jerv kan og vera eit problem enkelte år, men dei vanlegaste grunnane til tap til rovdyr i Hemsedal er gaupe og ørn (sjå tabell 18).

### Forvaltning og skadefelling

Buskerud saman med Vestfold, Telemark og Aust- Agder ligg i forvaltningsområde region 2 vedkomande rovvilts. Bestandsmålet i denne regionen er 12 ynglingar av gaupe. Hemsedal kommune ligg slik i eit forvaltningsområde for gaupe, men er også eit viktig beiteområde. Innanfor forvaltningsområda fastset rovviltnemnda årleg kvote for skadefelling av gauper. Forvaltningsplanen

er revidert og det er ny plan frå april 2017<sup>21</sup>. Bestandsmålet er ikkje endra. Om ein akutt skadesituasjon oppstår, og det er behov for å søke om skadefelling er det Fylkesmannen som skal kontaktast og som har avgjerande mynde.

**Tabell 18: Tal dyr det er søkt erstatning for, og tal erstatta dyr.**




**Figur 9. Gaupe i Bjørneparken i Flå. (kjelde Bjørneparken)**


### 4.3. Økologisk landbruk

Grunna topografi og høgde over havet er det større utfordringar ved å drive økologisk landbruk i Hemsedal enn i meir lågareliggende område. Det var ein liten del av produksjonen i kommunen som tilfredstilte kravet til økologisk landbruk frå midt på 1980 talet og fram til ca. år 2000. Mellom 2000 og 2004 skjedde der ei oppblomstring (sjå tabell 19 og 20). På det høgaste var areal lagt om til økologisk drift oppe i nesten 3000 daa. I 2013 var det fleire produsentar som gjekk tilbake til konvensjonell drift noko som gav eit stort fall i det økologiske arealet og det økologiske dyretalet (tabell 20).

**Tabell 19.** Hemsedal sitt samla økologiske areal i prosent frå 1995 til 2016. Data er basert på søknadar om produksjonstilskot 31.07 (Kjelde Landbruksdirektoratet ).



**Tabell 20:** Økologiske storfe frå 2002 til 2016. Data er basert på søknadar om produksjonstilskot frå søknadsomgangen i august (Kjelde Landbruksdirektoratet).




#### 4.4. Tamreindrift

Den nord austre delen av Hemsedal kommune er ein del av beitearealet til Filefjell tamreinlag som teller ca. 3000 rein + kalvar. Laget har leigeavtaler med grunneigarane om bruken av arealet.

Tamreinen beitar i stor grad i høgfjellet, men på haustparten hender det at vi møter dei nede i dalføra. Det har vore tilfelle med erstatning for rein som har øydelagt avling på innmark, men dette er svært sjeldan. Alle sameigene innanfor beiteområdet i Hemsedal utan Mørekvam sameige har danna Hemsedal reinbeitelag. Dette vart gjort for å ha ei felles leigeavtale med tamreinlaget.

Vår, sumar og haustbeiteområdet for Filefjell Tamreinlag er avmerkt med raud skravur på kartet under. Vinterbeite for tamreinlaget ligg i Hedalen i Flå /Nes/Sør-Aurdal kommunar. Slakteanlegget til tamreinlaget ligg på Golsfjellet og reinen vert ført dit tidleg vinter november/desember, og vidare derifrå til vinterbeite i Hedalen.

Det er i 2017 bygd reingjerde langs med Rv 52 for å skilje villrein og tamrein i samband med sjukdomen CWD. Dette gjerdet er teikna inn på beitekartet.




Figur 10. Kjelde Landbruksdirektoratet/NIBIO, reindriftskart

#### 4.5. Organisert beitebruk:

I 1959 vart Hemsedal sankelag skipa. Styret for dette laget ligg under Sau- og geitealslaget som vart starta i kommunen 5 år tidlegare. Kommunen vart delt opp i 12 sankefelt der kvart felt valde sin sankebas. Seinare vart det utvida til 15 sankefelt (sjå figur 11). Formålet med skipinga av sankelaget var i fyrste rekke å få til ein felles sankestart for heile kommunen, men utviklinga med færre bruk med beitedyr gjer at det ikkje fungerer slik i dag. I 1965 finn ein det høgaste registrerte sauetalet med 3500 vinterfora sau fordelt på 172 eigarar, medan talet pr. 01.01.1996 var 1666 vinterfora sauver fordelt på 27 eigarar. I dag 01.01.2017 er det 1318 søyer fordelt på 25 eigarar. Utviklinga har ført til at enkelte beiteområder er tome, andre har kanskje berre ein besetning, og samarbeid om sank er vanskeleg / mindre relevant. Men i fylgje sankelaget er framleis hovudsanken for dei tunge saueraasane (dala/nors kvit) andre helga i september. For dei lettare rasane som er seinare slaktemodne ei veke etter. Det vert sanka effektivt og det er lite dyr igjen i utmarka 25. september når elgjakta startar opp og det er erfaringsvis lite konflikt i forhold til jakt. Flæfjelldrifta har hovudsank første veka i september, med formål å vera ferdig med hovudsanken før rypejakta.

Vidare var rolla til sankelaget å arbeide for god utnytting av beiteområda, og å setja i verk rimelege tiltak for trygging og vern av dyra. All sau i kommunen med unntak av Flæfjelldrifta er organisert i Hemsedal sankelag som har si eiga organisering og styre. Flæfjelldrifta er eit sjølvstendig objekt som er organisert under Ål kommune.



Figur 11. Viser kartet som har ligge på NIBIO sine nettsider og som syner tidlegare inndeling av beiteområda i tilknytning til Hemsedal kommune. Det gule feltet med nummer 1 ligg i Gol kommune, men omfattar Nørei med stølar som tilhører gardsbruk i Hemsedal. Oransje farge syner området til Flæfjelldrifta som ligg både i Ål og Hemsedal kommune.

I Hemsedal er det ikkje tradisjon for at storfebøndene er med i sankelaget. Det går likevel ein del storfe fritt i utmark- spesielt nord i bygda, og desse kunne gjerne vore med i ordninga organisert beitebruk. Fordelen med å vera med er blant anna at det er mogeleg å søke om tilskotsmidlar til tiltak i beiteområdet (ferister, radiobjøller m.m). Formalisering og samarbeid om tilsyn og sank er også ein del av det å vera medlem i sankelaget. I samband med problemstillinga kring CWD har nokre storfebønder meldt seg inn i sankelaget. Dette er positivt, med anna i forhold til om storfebøndene i større grad vart medlemer ville statestikken til sankelaget om beitedyr i utmark bli meire rett. Gjennom sankelaga vert tal dyr slept på beite, og tap av dyr meldt inn. Desse tala er viktige for å dokumentere verdien, bruken og viktigheita av utmarksbeite.




Figur 12. Steingjerde som grenseskilje.

#### Ny avgrensing av beiteområda

I ny beitebruksplan er det oppteikna eit nytt beitekart med beiteområder som avspeglar meire beitebruken i dag (sjå figur 13). Beitebruken i beiteområda har endra seg mykje med færre dyr og også tome beiteområde. Endring og ny inndeling er basert avgrensing av tidlegare beiteområde og dagens bruk kombinert med sameige grenser. Teikninga av kartet er utført i tråd med standardinstruks for teikning og digitalisering av kartmanus. NIJOS-dokument 8/98 (*Angeloff og Rekdal 1998*).

Utifrå ny inndeling er det 21 beiteområder i Hemsedal om ein teller med Flæfjelldrifta. Samla ligg det ca. 700 km<sup>2</sup> beiteareal til disposisjon innanfor beiteområda. Av dette er 350 km<sup>2</sup> registrert i bruk i dag.




**Figur 13. Hemerdalen inndelt i beiteområde i dag, med sankeplassar, sperregjerde, driftevegar, ferister og stølar som leverer mjølk jamfør søknad om RMP tilskot (samme kart som ligg i A3 format som kartvedlegg 1).**

Vidare i planen er alle beiteområda avbilda med kart og beskriving. Sauebeitekvaliteten er eit kartlag som er basert på jordsmonn og vegetasjon og indikerer kor mykje næring det er å hente for sau i eit gjeldande område. Eit beiteområde der mesteparten av arealet er i kategorien «mindre godt beite» er ikkje nødvendigvis eit dårlig beiteområde, men har kapasitet til færre dyr enn eit område der mesteparten av arealet er i kategorien «godt beite». Tal sau som er nemnt i beiteområda omfattar både søyer og lam.

Til vegetasjonsbeskriving av områda er det brukt vegetasjonskart utarbeida av NIBIO. Forklaring på ulike vegetasjonstypar ligg som vedlegg 3 til planen.

## 1 Torsetstølane beiteområde




Figur 14. Torsetstølane beiteområde, med sauebeite klassifisering.

**Beskriving av område:** Areal på ca. 29 km<sup>2</sup>. Området vert og kalla Torset- Skar og Hjallestølane sameige. Torsetstølane utgjer den delen som er kjent som; Søre sameige. Beiteområdet omfattar utmarksbeite frå sperregjerdet nedanfor Veslehorn ved Hornsmyrene og bort til grensa mot Gol kommune og opp til Ål kommunegrense. Beiteområdet dekker Øvrestølane, Leinestølane, Krosstølane og Sireslettane som vist på kartet. Der er registrert ein sankeplass og tre stølar med mjølkelevering i beiteområdet. Etter at eigedommen gnr. 61 bnr. 21 Rudningen som hadde sau i nedre del av området slutta med sau (2015-2016) har sau frå Ål vandra inn i området. Med forholdsvis lite beitedyr i området blir store delar av det synste området beita av sau frå Ål. Området ligg på skuggesida av dalen under Hydnefossen, og store delar er svært bratt. Mykje av området er avmerkt som er svært godt sauebeite og det er kapasitet til fleire beitedyr her. Vegetasjonen i den lågast liggande delen av terrenget er granskog, med blåbærgranskog som dominerande vegetasjonstype, og lengre oppe eng- og blåbærbjørkeskog. Øvste delen er dominert av grasmyr og rishei. Midt i området startar stien til to av topp 20 toppane, Veslehorn og Storehorn som ligge utanfor dette beiteområdet.

**Dyr i området:** Gnr. 61 bnr. 21 har storfe, ca. 40 kviger og sinkyr som går i den nedre del av området. gnr. 61 bnr. 11 har ca. 70 sau (søyer og lam) i øvre del av området opp mot fjellet. Gnr. 61 bnr. 2 Snertehaugen har i delar av beiteperioden nokre kjøtfe i utmark rundt stølslaget Krosstølane.

## 2 Skyrvedalen beiteområde




Figur 15. Skyrvedalen beiteområde, med sauebeite klassifisering.

**Beskriving av område:** Areal på ca. 32 km<sup>2</sup>. Omfattar den nordlige delen av Torset- Skar og Hjallestølane sameige. Denne sameiga er delt opp i Heimre sameige og Søre sameige. Heimre sameige ligg i nord i området, sjå kart. Områda er delt av eit sperregjerde som ligg nedanfor Veslehorn. Området er ikkje så bratt med beitekvalitet opp til svært godt beite. Vegetasjonen i nedre del av området er skog, nedst blåbærgranskog, med innslag av enggranskog og høgare blåbærbjørkeskog. Over skoggrensa kjem store områder med ris- og lavhei. Øvst er arealet karakterisert som grassnøleie (lesider med langvarig snødekk) med lågurteeng. Fjelltoppane Totten, Storehorn og Veslehorn er alle med blant toppane og populære turmål.

**Dyr i området:** Det er ingen dyr i dette området i dag.

### 3 Eikre-Aalrust og Nøreli beiteområde




Figur 16. Eikre-Aalrust og Nøreli beiteområde, med sauebeite klassifisering.

**Beskriving av område:** Eikre-Aalrust beiteområde har eit areal på ca. 30 km<sup>2</sup>. Nøreli som ligg inntil har eit areal på ca. 3 km<sup>2</sup>. Området omfattar Eikre- og Aalrust sameige og Nøreli sameige. Sist nemnte ligg i Gol kommune, men grunnen er eigd av gardsbruk i Hemsedal. Stølsområdet på Nøreli ligg inntil Eikre og Ålrust beiteområde og bruk frå Hemsedal har beitedyr og beiterett i området. Derfor blir det naturlig å sjå dette området i samanheng. Beiteområdet strekker seg mellom Storevatn mot Grytevatnet / inste del av Vannen og ned mot Eikregardane og øvre Hemsedalsvegen. Området omfattar fleire stølslag med mange stølsvollar og bygningar. Det er ein støl med mjølke leveranse i området. Terrenget er relativt flatt og har næringsrik berggrunn, Det er mykje godt beite og ein del store flekkar med svært godt beite. Området er prega av eit lett kupert skogmyrlandskap. Vegetasjonen er primært blåbær- og engbjørkeskog med innslag av grasmyr.

**Dyr i området:** Det er fire sauebesetninger i utmark i området i dag. To besetningar med norsk kvit sau tilhøyrande gnr. 51 bnr. 16 Dalane og gnr. 51 bnr. 11 Gjerde. (ca. 400 sau/lam) og to med gamle saueraiser gnr. 51 bnr. 27 Bekkestad og gnr. 55 bnr. 7 Ålstveit (ca. 250 sau/lam).

#### 4 Lykkja-Markegardslia beiteområde




Figur 17. Lykkja-Markegardslia beiteområde, med sauebeite klassifisering.

**Beskriving av området:** Areal på ca. 30 km<sup>2</sup>. Omfattar Lykkja sameige og Markegard og Jonstølane sameige. Området er avgrensa av Storevatn og Tisleia i sør, går opp frå Storevatnet langs Hynda, omfattar Kjølen og Hundseinnvatnet og vidare heilt opp til kommunegrensa og følger denne tilbake til Tisleia, sjå kart. Beiteområdet grensar opp mot både Vestre Slidre og Nord Aurdal. Det mange stølsgrender i området blant anna Lykkjastølane, Markegardslia, Jonsstølane, Robøle. Det er ein støl i området med mjølkelevering. Berggrunnen er primært fyllitt og glimmerskifer som er næringsrik og eit godt utgangspunkt for verdifulle beiteområder. Mykje av området er også karakterisert som godt sauebeite opptil svært godt beite, men delar av området er også dekt av spreidd grasmyr som i forhold til sauebeite har kvaliteten mindre god. Store delar av området er dekt av fjellbjørkeskog og hagemarkskog. Vegetasjonen øvst i terrenget er risheimyr og enkelte stader høgstaudeeng.

**Dyr i området:** Det er fleire besetningar med storfe og sau i området. Gnr. 53 bnr. 2 Engebretsgården og gnr. 53 bnr. 8 Lillejordet har ammekubesetningar med ca. 80 storfe som går i utmark i området delar av sesongen. Gnr. 53 bnr. 17, Grøvargarden har kyr og kviger av NRF ca. 20 stk. i utmark delar av sesongen. Det går og to besetningar med sau i området, gnr. 53 bnr. 19 Veslestølen og gnr. 59 bnr. 27 Haugen har ca. 700 sau i beiteområdet. Skogshorn rideleir har base innanfor området sumartid, og har mykje hest på innmarksbeite i området rundt Jodokkstølen.

## 5 Kvannegrø-Lægeret beiteområde




Figur 18. Kvannegrø-Lægeret beiteområde, med sauebeite klassifisering.

**Beskriving av området:** Areal på ca. 36 km<sup>2</sup>. Omfattar Jordheim-, Kvannegrø- og Lægeret sameige. Det strekker seg heilt oppe frå Trøymsfjellet og Lægernøse ved kommunegrensen og ned til Lykkjavegen og omfatter også Heimskar (heims skråare) og ned mot Storevatnet som vist på kartet. Området omfattar fleire stølsgrender som Grøtestølane og Joleimsstølane og har fire støler som leverer mjølk. En av stølane foredlar mjølk med sal frå stølen. Beitedyra streifar inn i Vestre Slidre og Vang kommune som vist på kart. Turstien opp til Hemsedal sin mest kjente fjelltopp, Skogshorn, går gjennom området og tiltrekker seg mange frilufts- og turfolk. Skogshorn er også ein av topp 20 toppane. Det er tre sperregjerde i området som avgrensar mot Ulsåkstølane beiteområde. Hunnsemvatnet og elva Hynda fungerer som eit sperregjerde mot Lykkja-Markegardslia beiteområde. Landskapet er primært alpint (over tre grensa) og har mykje høgfjell med lite til ingen vegetasjon. I dei lågareliggende delane av området er landskapet relativt flatt med små høgeforskjellar. Det meste av området her er dekka av blåbærbjørkeskog og myrlandskap med både rismyr og grasmyr. Litt lengre opp i liene er det næringsrik vegetasjon som rishei og høgstaudeeng som gir svært godt sauebeite. Området har også masser av grasmyr.

**Dyr i området:** Der er fire besetningar med sau i dette området. Gnr. 65 bnr. 1 Jordet har ca. 85 sau, gnr. 63 bnr. 3 har ca. 70 sau, gnr. 63 bnr. 1, søre Grøthe som har ca. 30 sau og gnr. 64 bnr. 3 Jordheim lille har ca. 255 sau i området i dag

## 6 Ulsåkstølane-Løkjestølane-Fekjastølen beiteområde




Figur 19. Ulsåkstølane, Løkjestølane og, Fekjastølen beiteområde med saubeite klassifisering.

**Beskriving av området:** Areal på ca. 41 km<sup>2</sup>. Omfattar Ulsåkstølane sameige, Løkjestølane sameige, Skurvefjellet sameige og Fekjastølane sameige. Omfattar den austlege og sørlege delen av Trøimsbotten, Skurvefjell, Nibbi, Skogshorn, det vestlege delen av Helsingvatnet, Gravsetåsen, Myljofjell og Såta. Området er kupert og ligg primært på solsida av dalen. Landskapet er prega av støldrift gjennom århunder og har mange stølsgrender. Det er to stølar med mjølkeproduksjon i området. Der er tre sperregjerde som avgrensar området mot Kvannegrø-Lægeret beiteområde. Det finnes også ein av Hemsedal sine eldste driftevegar her. Den går frå søre Grøte, nesten bort til Geiteberget og vidare inn til Fekjastølane. Driftevegen er i bruk den dag i dag av fleire bønder i området. Store delar av det nordre området er høgfjell og har låg beitekvalitet. Resten av området er ideelt med god avskjering og naturlege avgrensingar som held dyra inne i området. Beiteverdien er også bra, og klassifiseringa er fleire stader opp i svært godt beite. Vegetasjonen er spreidd bjørkeskog med eng og blåbær kratt i botnen. Grasmyr i dei lågare liggande områda, medan rishei og lavhei dominere dei høgareliggende områda. Lågast i området finnes litt blåbær- og enggranskog. Området Gravsetåsen er eit populært turområde for både lokale og turistar. Her ligg ein av dei lettare toppane Storhøvda.

**Dyr i området:** Det er dette området i Hemsedal som har størst tetthet med beitedyr. Gnr. 63 bnr. 3 søre Grøte har ca. 140 vill sau og ca. 240 gammal norsk kvit i området. Villsauen trekker opp i Trøymsbotten, mens den norske kvite sauens foretrekker dei lågare beiteområda kring Såta. Gnr. 63 bnr. 1 også søre Grøte har ca. 100 sau i området. Gnr. 62 bnr. 9 søre Ulsaker har ca. 50 sau og 8 geiter i området og gnr. 57 bnr. 6 Bakko har ca. 245 sau her. Gnr. 63 bnr. 6 Grøte mellom har ca. 10 storfe og 85 sau i området og gnr. 52 bnr. 89 har ca. 63 sau innanfor området.

## 7 Trøymsbotten beiteområde




Figur 20. Trøimsbotten beiteområde, med sauebeite kvalifisering.

**Beskriving av området:** Areal på ca. 19 km<sup>2</sup>. Omfattar Trøymsbotten sameige og område frå Kyrkjebønsgarane inn mot Trøynsbotten. Det meste av området er ein høgtliggende dal omkransa av fjell. I den ytre delen av Trøymsbotten er det eit sperregjerde på Kyrkjebønsida av Trøymsåne som stoppar storfe frå å gå innover i dalen. Området som ligg sør for Kyrkjebønøse er ikkje så stort, men er eit godt beite som ligg solvendt. Terrenget her er vekslane bratt og flatt, og dannar små enghyller som blir ideelle beite- områder for kyr. Området ligger tett på Hemsedal sentrum og er eit populært turområde. Ein av topp 20 toppane, Kyrkjebønøse, ligg her. Det er tre sperregjerde som saman med dei bratte fjellsidene, og elva Trøymsåne, er med og held dyra innanfor området (sjå kart). Alle gjerdene er truleg ikkje lenger av like god kvalitet. Vegetasjonen i Trøymsbotten er mykje i grassnøleie, rishei, tørrgrashei og enkelte stader lågurteng. I den lågaste delen mot bygda er vegetasjonen dominert av skogsbeite, engbjørkeskog og blåbær/bjørkeskog

**Dyr i området:** Gnr. 70 bnr. 1, Haug, har ca. 20 ammekyr i området delar av sumaren.


## 8 Holdeskaret beiteområde



Figur 21. Holdeskaret beiteområde, med sauebeiteklassifisering.

**Beskriving av området:** Areal på ca. 33 km<sup>2</sup>. Omfattar Holleskaret øvre del av Røggelia og Venebotn. Austre del av området Holdeskaret og Holdeskarslia er prega av skisenteret, turisme og fritidshytter rundt dette. Det er ikkje aktive stølar i området. Området her er aktivt brukt både sommar og vinter til friluftsfremål av både lokale og turistar. Her ligg stien opp til toppane Totten og Røggen, som også er to av toppane 20. Det er eit stort beiteområde med varierande beitekvalitet. Areala med dårlegast klassifisering ligg høgast opp i fjellet, medan nokre område med svært god kvalitet ligg midt i skianlegget. Vegetasjonen i dei lågastliggande områda er bjørkeskog, høgare opp finnes rishei, lavhei, myr og enkelte stadar høgstaudeeng og grassnøleie.

**Dyr i området:** I dag er området tomt for beitedyr.



**Beskriving av område:** Areal på ca. 16 km<sup>2</sup>.

Omfattar blant anna sameigefeltet Brandvoll utmark og Finset, Rusto, og Hulebak heimseterhavn.

Beiteområde går frå Solheisen under Kvitingane opp til Holsteintind og bort til Trøymsbotten beiteområde.

Fleire eidegar har heimstølar i området og Hulebak gnr/bnr 78/1 og 78/2 har heimstølar til full eideom i området. Driftevegen opp til desse stølane går opp Hulbakkleive, og desse heimstølane ligg veglause utan bil eller traktorveg.


Terrenget skrånar bratt ned mot bygda langs dalføret. Vegetasjonen er prega av blåbærbjørkeskog og litt engbjørkeskog nede langs dalen. Høgare i terrenget finnes ein del myr og næringsrike ris- og grashieier. Området ligg solvent og består primert av godt sauabeite, men har store innslag av svært godt beite. Det er fire sperregjerde i området. Eit mot Trøymsbotten beiteområde, eit opp i toppen av området mot Hosteinstølen, eit langs Hydalsvegen og eit ved Rustehaugnøse. Sist nemnte er oppgjeve å vera i mindre god stand.

Området er eit populært turområde både vinter og sumar, med topp 20 stigen til Kvitingane innanfor området.

**Dyr i området:** Gnr. 71 bnr. 1 Finset har ca. 25 kviger og mjølkekyr og 50 sau i området lengst sør.

Gnr. 83 bnr. 2 søre Brandvoll har ca. 150 gammalnorsk spælsau lengst nord i området.

## 10 Storebotten-Vabuleino beiteområde




Figur 23. Storebotten-Vabuleino beiteområde, med sauebeite klassifisering.

**Beskriving av beiteområde:** Areal på ca. 73 km<sup>2</sup>. Omfattar Fjellstølane og Holstein sameige, Vabulein sameige, Søre Grøndalen sameige, Nordre Grøndalen sameige og litt av Mørekvam sameige. De to siste ligg delvis i to beiteområder. Omfattar Storebotten, Holstein og Vavatnområdet fram til Fjellstølane. Beiteområdet er eit av Hemsedal sine største beiteområder. Landskapet ligg primert over tregrensa og er varierande med sterkt kupert treng nokre stader, til store flate areal andre stader. Turstigane til topp 20 toppane Harahorn og Ranastongi ligg i dette området. Nedst mot Solheisen er det ein del lav og lyngrik bjørkeskog. Vegetasjonen mellom Kvitingane og Harahorn er dominert av grasmyr med innslag av høgstaudeeng. Det er primert rishei, men med innslag av andre typar, som er vegetasjonen mellom Harahorn og Vabuleino. Inst i Storebotten er det store områder med grassnøleie. Det er tre sperregjerde i området. Eit ned mot Kvitingane beiteområde. Eit inn mot Hydalen og eit ved Langetjern.

**Dyr i området:** Det er to sauebønder som har dyr i dette området i dag. Leigetakar på gnr. 83 bnr. 17 Bekkestad har ca. 50 sau i Vavatnområdet. Gnr. 83 bnr. 2 søre Brandvoll har ca. 250 spælsau som går i området mellom Hydalen og Vavatn. Egedomen har og ein flokk med ca. 12 ammekyr og 20 ungdyr, fortrinnsvis telemarksfe og andre gamle norske storferaser i dette området.

## 11 Nord Hydalen beiteområde



Figur 24. Nord Hydalen beiteområde, med sauebeite kvalifisering.

**Beskriving av område:** Areal på ca. 7 km<sup>2</sup>.


Området omfattar nord Hydalen sameige og er ein del av Hydalen landskapsverneområde, som fekk varig vernestatus i 1989<sup>1</sup>. Hydalen er ein gammal seterdal nordaust i Hemsedal, mot grensa til Oppland. Landskapsvernombretet dekker dalbotnen med vatn og vassdrag, stølsområda og fjellsidene opp til 1800 moh (Miljødirektoratet 2017). Føremålet med Hydalen landskapsvernombretet er å ta vare på eit aust-norsk seterdalføre med eit storstått naturlandskap som har uvanleg fin veksling i topografi og planteliv, og å ta vare på eit karakteristisk kulturlandskap (Forskrift 1989). Hydalen er truga av gjengroing av stølsvollane og kringliggende beiteskog (Miljødir. 2017).

Nord Hydalen har mange store område med svært godt sauebeite mens det resterande er godt beite. Vegetasjonen er primert eng- og blåbærbjørkeskog. Det er to sperregjerde i området, eit ved starten av nord Hydalen mot Vabuleino og eit som deler Hydalen i to, høvesvis i nord og sør Hydalen.

**Dyr i området:** Gnr. 83 bnr. 2 søre Brandvoll har ca. 400 norsk kvit sau i Nord Hydalen. Eigedomen har også ein flokk med ca. 15 ammekyr og 30 ungdyr, fortrinnsvis telemarksfe og andre gamle norske storferasar i området. Dyretalet i Nord-Hydalen har auka etter 2009, da det kom sau inn i beiteområdet. Og med både sau og storfe i området er gjengroing eit mindre problem i nord Hydalen i dag.

<sup>1</sup> Verne forskrift for Hydalen. <https://lovdata.no/dokument/MV/forskrift/1989-02-24-124>

## 12 Sør Hydalen beiteområde




Figur 25. Sør Hydalen beiteområde, med sauebeite kvalifisering.

**Beskriving av området:** Areal på ca. 31 km<sup>2</sup>. Området omfattar sør Hydalen sameige samt eit sameige ved Langtjern. Sauen som beitar i området streifbeitar også over mot Smådalen vest som ligg i Vang kommune. Her ligg «Smådalen naturreservat»<sup>2</sup> som fekk vernestatus i 1997. Området har vernestatus grunna geologiske verdiar. Sør Hydalen er ein del av Hydalen landskapsverneområde (sjå Nord Hydalen 4.4.17). Det ein støl med mjølkeproduksjon i området. Området har mykje svært godt sauebeite og er som nord Hydalen primært dekka av bjørkeskog. Sør Hydalen har i tillegg til bjørkeskog ein del områder med myr og rishei, samt store områder med u-r og blokkmark. Det er tre sperregjerde i området; eit som deler nord Hydalen og sør Hydalen, og eit i kvar ende av Langtjern.

**Dyr i området:** Gnr. 71 bnr. 1 nordre Finset har ca. 110 sau i området. Gnr. 78 bnr. 1 søre Hulbak har støl i sør Hydalen og heldt stølsdrifta i gang med «leigde dyr» på stølen. I samband med stølsdrifta beitar det ca. 15 mjølkekryr i området på kombinert innmark- og utmarksbeite ca. to månader om sumaren.

<sup>2</sup>Faktaark for Smådaladn naturreservat: <http://faktaark.naturbase.no/Vern?id=VV00001876>

### 13 Heimdalens beiteområde




Figur 26. Heimdalens beiteområde, med sauebeite klassifisering.

**Beskriving av området:** Areal på ca. 5 km<sup>2</sup>. Området omfattar Heimdalens på sørkysten av Mørkedøla. Området er avgrensa i nord av eit sperregjerde opp mot Galdaden, og følger elva i midten av dalen ned til Lauvdøla som er den sørlege grensa. Den bratte fjellsida er ei naturlig avgrensning av området for hest og kyr, mens småfe trekker lengre opp i fjellet og inn i Flæfjelldrifta sitt beiteområde. I området finnes tre andre sperregjerder; eit ikring Hjelmen stølsområde, eit frå Skriustølane og opp til grensa til Flæfjelldrifta, og eit i toppen av den gamle driftsvegen i nedkant av nedre Halso for å dele mot Flæfjelldrifta. Den gamle bufarsvegen/driftsvegen som vart brukt når ein skulle flytte dyra til støls er registrert inn på kartet. I dag blir vegen berre brukt som turstig. Området er prega av å ligge i skuggesida på ein relativ bratt U-dal, men har store samanhengende areal klassifisert som svært godt sauebeite. Stølsgrenda Kvelve med heimstølar ligg lengst nord i området. Vegetasjonen i området er primært blåbærbjørkeskog og engbjørkeskog.

**Dyr i området:** Gnr. 62 bnr. 7 Storøygarden har 2-3 hest i beiteområdet og gnr. 89 bnr. 10 Lien nordre har 8 til 14 kviger som beitar i den nordlege delen av området. Sperregjerdet i midten av området sperrar dyra i den nordlege delen frå dyra til gnr. 89 bnr. 2 Huso og gnr. 69 bnr. 8 Flaten som har 25 ungdyr av storfe i det sørlege delen av området. Gnr. 89 bnr. 4 sørre Kjøstellien har ca. 50 sau i den sørlege delen av området og vidare opp mot Flæfjelldrifta sitt område. Gnr. 90 bnr. 2 Venaasen nordre vil truleg ha ammegeit i dette området i nær framtid.

## 14 Lio-Liastølane




Figur 27. Lio-Liastølane beiteområde, med sauebeite kvalifisering.

**Beskriving av området:** Areal på ca. 32 km<sup>2</sup>. Omfattar Liastølane sameige, Ershovd Sameige, Søndre Fagset, Nordre Heimdal sameige og Søre Heimdal sameige. Det finnes fleire stølsområder her, bandt anna Ershovdstølane, Liastølane, men det er berre ein støl att som fortsatt leverer mjølk, Husostølen. Området strekker seg frå overkanten av Lio gren, der dyra vert slept rett opp frå gardane, til stølsområdet ved Ershovdstølane sjå kartet. Turstig til topp 20 toppen, Raudberg, går opp i den nordre delen av området. Terrenget er skråande ned mot dalføret men flater ut oppe på fjellplatåa. I den sørlege delen av området finnes mykje blåbærbjørkeskog, medan det frå Fuglehaugnøse og nord og oppover er dominert av ris-, lav- og tørrgrashei. Flekkvis er det mykje grasmyr og på dei høgast liggande stadene finnes grassnøleie vegetasjon. Området har primært godt beite med innslag av svært godt beite.

**Dyr i området:** Gnr. 89 bnr. 2 Huso har ca. 15 mjølkekryr som går i den nordlege delen av området. Gnr. 79 bnr. 2 nordre Hustad har ca. 10 ungdyr av storfe og 40 sau som går i den sørlege delen av området.


### 15 Fagerset beiteområde



**Beskriving av område:** Areal på ca. 2 km<sup>2</sup>. Omfattar områda på vestsida av Fagertsetvatnet og inkluderer heimstølane i området. Området er eit kombinasjonsbeite med utmarksbeite og innmarksbeite for storfe med gjerde som avgrensing i nord og sør. Terrenget skrånar bratt i den vestlige side av området og flater litt ut ned mot Grøndalen og Fagertsetvatnet. Vegetasjonen er dominert av engbjørkeskog med innslag av blåbærbjørkeskog og hagemarkskog. Nede lange elva er det ein del rismyr områder. Beiteområdet har mykje svært godt beite.

**Dyr i området:** Gnr. 85 bnr. 9 Kroken samdrift har ei blanding av ungdyr og sinkyr ca. 60 st. i området vår og haust. Gnr. 81 bnr. 11 har også ungdyr og sinkyr i området, ca. 35 stk. vår og haust.

## 16 Veikinn beiteområde




Figur 29. Veikinn beiteområde, med sauveite klassifisering.

**Beskriving av beiteområde:** Areal på ca. 16 km<sup>2</sup>. går frå Feten og tek med seg ein stor del av den sørvestlege siden av Grøndalen og opp i fjellet. Grensar til fjelltoppane Rauberg og Storeskarnosene. Området har tidlegare vore beita av sau, men er i dag eit tomt beiteområde. Terrenget er kupert med høge fjelltoppe og små dalar. Det skrånar svært bratt ned mot Grøndalen i den nordlige delen av området. Mesteparten av arealet ligg over tregrensa. Her er vegetasjonen preget av lav- og rishei med innslag av høgstaudeeng. Dei nedre områda, liene mot dalbotnen har høg beitekvalitet, og er blåbærbjørkeskog med litt myr. Det er eit bra beiteområde med potensiale for mange beitedyr.

### Dyr i området:

Tomt for dyr i dag.

## 17 Bulin beiteområde




Figur 30. Bulin beiteområde, med sauebeite kvalifisering.

**Beskriving av område:** Areal på ca. 39 km<sup>2</sup>. Omfattar Bulin sameige, og Preinsrud og Krossleino sameige. Bulin er eit stort beiteområde . Bulidalen er ein U-dal som går i ein bue gjennom heile området med mange små V-dalutstikkarar. Turstigen til topp 20 toppen, Svarhetta, startar inne i beiteområdet. Vegetasjonen er varierande med eit terreng som har stor høgde og sollys forskjell. I dei høgstliggende områda finns mye bart fjell med store flekkar av grassnølie og innslag av høgstaudeeng. Lengre nede er det primært ris- og lavhei med en del grassmyr. Det er bjørkeskog i den sørlig delen av området.

**Dyr i området:** I område ved Krossleino har gnr. 70 bnr. 1 Haug ein ammekyrbesetning på ca. 20 dyr delar av sumaren. Det går eit sperregjerde som skil dette området frå resten av Bulin beiteområde. Inne i Bulin går det ca. 50 storfe frå gnr. 86 bnr. 11, Grøndalen samdrift.

## 18 Mørekvam-Søteli beiteområde




Figur 31. Mørekvam-Søteli beiteområde, med saubeite kvalifisering.

**Beskriving av område:** Areal på ca. 90 km<sup>2</sup> og det største beiteområdet i Hemsedal. Omfattar Kljåen Vestre sameige, Kljåen Østre sameige, Søteli sameige, Nordre Grøndalen sameige (delvis i to områder), Mørekvam sameige (delvis i to områder), Heggeslettane sameige og litt av Feten jordsameige. Beiteområdet er eit hovud U-dalføre på ca. 16 km frå nord til sør, med bratte sider. Det er fleire stølsgrender langs dalbotnen innanfor området, Oslo og omegn si ubetjente turisthytte Kljåen ligg innanfor området, samt tilkomsten til toppen Buaknuppen. Vegetasjonen er primert blåbærbjørkeskog med grasmyr langs elvestrengen. Oppe i dalsidene finnes mykje rishei og høgstaudeeng. Landskapet har mange store samanhengande områder med svært godt beite.

**Dyr i området:** Det går mykje storfe i utmark i området då tre besetningar nyttar området som sumarbeite. Dyra er ei blanding av sinkyr og kalvar og kviger. Gnr. 85 bnr. 9 Kroken samdrift har ca. 40-50 storfe, gnr. 81 bnr. 11 Bergheim ca. 35 storfe og gnr. 70 bnr. 37 har ca. 65-70 storfe i området. I Søteli området går det også sau. Her har ein besetning frå Vikersund leigd sauveite til ca. 200 til 250 sau, og gnr. 85 bnr. 3, Vøllo mellom, har også ca. 25 sau i denne delen av området.

## 19 Laudøla-Mørkedalen




Figur 32. Laudøla-Mørkedalen beiteområde, med sauebeite kvalifisering.

**Beskriving av område:** Areal på ca. 26 km<sup>2</sup>. Omfattar Viljungrein sameige, Mørkedalen sameige og Bakkestølane sameige (delvis i to områder). Området omfattar Mørkedalen, Bjøbergnøse, stølsområda langs kongevegen og ned til Heimdalens beiteområde. På begge sider av Mørkedalen er det store opne beiteareal. I skuggesida av dalen (sør sida) veks det blåbærbjørkeskog med rishei og rismyr i dalbotnen. Når ein kjem opp i terrenget vert vegetasjon meire skrinn. Her er det lavhei og tørrgrashei og blokkmark. Området ved stølane opp mot Ershovdtjerna er meir næringsrik. I øvste delen av området går turstigen til toppen Bjøbergnøse.

**Dyr i området:** Området er tomt for beitedyr. I 2011 vart drifta på Geitestølen lagt ned. Fellesstølen hadde då vore i drift frå 1965. Geitene var effektive til å halde vegetasjonen nede og var også ein attraksjon for turistar/reisande på Rv 52. Det er ikkje beitedyr i området i dag og området mistar fort det opne beitepreget.

## 20 Bjøberg




Figur 33. Bjøberg beiteområde, med sauebeite klassifisering.

**Beskriving av området:** Areal er på ca. 33 km<sup>2</sup>. Omfattar Bjøbergskaret, Bjøbergdalen området rundt Bjøbergnuten, og området på begge sider av RV52 opp mot Eldrevatnet. Terrenget er prega av sterk relief, med bratte fjellskråningar og høge tindar. Landskapet flatar litt ut inne i Bjøbergdal men er også her prega av kupert terregn. I området ligg Hemsedals høgstliggende aktive gardsbruk Bjøberg som driv med både sau og tamrein. Det meste av området ligg over tregrensa, og har berre litt fjellbjørk vegetasjon. Mesteparten av vegetasjonen består av lavhei og rishei, med innslag av grassnøleie. Mykje av området er mindre godt beite, en del godt beite og flekkar med svært godt beite.

**Dyr i området:** Gnr. 88 bnr. 2 Bjøberg har ca. 300 sau i området.

## 21 Flæfjelldrifta



Figur 34. Flæfjelldrifta, med sauabeite kvalifisering.


**Beskriving av område:** Areal på ca. 83 km<sup>2</sup>, derav 43 km<sup>2</sup> er i Hemsedal kommune.

Omfattar 7 sameiger i Hemsedal og Ål kommune. Sauedriften «Flæfjelldrifta» starta opp i 2012 og består av «gjestebesetningar» frå nedre del av Buskerud. Drifta er «eigd» og drive av enkeltmannsføretaket til gjetar Olav Håkon Sando. Bakgrunnen for etableringa var store tap til rovdyr, spesielt gaupe, i nedre del av Buskerud. Når Flæfjelldrifta vart etablert hadde desse besettingane fortrinnsrett inn i drifta. Beiteområdet ligg på grensa mellom Ål og Hemsedal og rommar ca. 2500 dyr til 3000 dyr. Området er stort, med lett til svært kupert terreng. I dag er det to sperregjerde i området. Eit mot Holdeskaret beiteområde, og eit ved elva Lauvdøla ved stølane på Nedre Halso. Sperregjerde mot Holdeskaret beiteområde kan vera konfliktfylt i forhold til villreintrekk. Det har gått eit gjerde i dette området heilt frå på 1960 talet. Gjerdet vart restaurert og fullt opprusta i 2012 i samband med etablering av Flæfjelldrifta. Gjerdet vert lagt ned (både nettinggjerde og straumgjerde) med unntak av 200-300 meter langs elva kvar haust når sauen er ute av området som eit avbøtande tiltak. Det vert arbeida med å få sett opp enda eit sperregjerde på Flåmyrane aust for Storeskarnøse, da sauane trekker ned mot Mørkedalen her. Vegetasjonen er lågalpin til høgalpin og derfor lite trebevkost. Området har mykje ris- og lavhei samt snøleievegetasjon. Mykje av arealet er godt sauabeite, men mesteparten er klassifisert som mindre godt. Beiteområdet er likevel eit svært godt beiteområde, men beite toler færre dyr per km<sup>2</sup> enn om området hadde hatt større areal med høg beitekvalitet.

**Dyr i området:** 2016 var det ca. 2630 sau frå 11 besetningar i Flæfjelldrifta.

## Kulturlandskapsområdet Jordheim og Grøtogaardane

Området er med i beitebruksplanen då området er teke inn i Buskerud Fylkeskommune sin kulturminneplan som eit verneverdig kulturmiljø med bakgrunn i kulturlandskapsverdien i området.



Figur 35. Jordheims innmarksbeite, med sauebeite klassifisering.

**Beskriving av område:** Areal på ca. 0,63 km<sup>2</sup>.

Jordheim- og Grøte gardane er karakteristiske for Hemsedal. Beitene i overkant av gardsbruka, tuna og den lange flate grassletta (også kalla Grøte- og Jordheims myrene) er eit flott og verdifult kulturlandskap, både lokalt og regionalt. Starten på oppdyrkninga av Jordheimsmyrene var på ca. 1850 talet, og mange av løene frå tida med drift med hest er framleis bevart. Det var tidlegare fleire løer på myrene, det kunne vera opp til 3 på same bruk. Gardane jordene tilhører ligg på rekke på nordsida av RV 52, og i bakkant ovanfor tuna ligg eit område som i dag vert nytta som kombinert innmarks og utmarksbeite. Gjennom oppdyrkninga som vart gjort på Grøte- og Jordheimsmyrene fekk eigedomane nye produksjonsareal. Desse kom til å dekke gardane sin trøng for vinterfør, og førte til at åkrar og innmarksbeite i bakkant av tuna unngjekk den maskinelle omforminga som har skjedd dei fleste andre stader og i staden for auka intensitet i bruken av gammal innmark, er bruken ekstensivert gjennom omdisponering til beite (*Puschmann 1996*). I dag er det mange stader i området ei utfordring med gjengroing med bjørkeskog. Området er det einaste innmarksbeiteområdet som er teke inn i beitebruksplanen då dette kulturlandskapet er framheva som regionalt og nasjonalt viktig.

Området er omtala i ein rapport av Oskar Puschmann som framhevar verdien av dette kulturlandskapet. «*Sletta, saman med dei gjenverande løer representer eit historisk skifte i landbruket, frå handreiskapanes tid til hestereiskapanes tid (Puschmann 1996)*». Fylkeskommunen omtalar også området under oversikt over verneverdige kulturmiljø i Buskerud i rapport utarbeida av Utviklingsavdelinga hjå Fylkeskommunen i 2017:

«*Kulturmiljøet Joleim-Grøte i Hemsedal omfatter et verdifullt jordbrukslandskap som inneholder både fulldyrka engarealer med karakteristiske løer på den flate dalbunnen, en rekke tun, samt tidligere åker og eng, med et stort innslag av rydningsrøyser og steingjerder. Området forteller mye om utviklingen av jordbruket i fjellbygdene i Buskerud fram til midten av 1900-tallet*».

I beiteområde er terrenget bratt og det finnes ein del steinur med porøse berggrunnsartar. Vegetasjonen består primert av gamle beitevollar med engvegetasjon og engbjørkeskog. Så godt som heile området har svært god beitekvalitet for sau.

**Dyr i området:** Det er ikkje husdyr på alle gardane i området i dag. Men dei fleste innmarksbeita vert nytta. Her går det sau av fleire raser, litt hest og ein del storfe.



Figur 36. Grøte gardane med løene på fulldyrka areal på elvesletta og innmarksbeite opp i lia bak gardane . Bilete er tatt av Steinar Bleken.

## 4.6. Verdiskaping:

Utmarksbeite utgjer ein stor verdi for bonden i form av dyrefôr, men representerer og verdiar for resten av samfunnet. Døme på desse verdiane er :

- Sunn mat frå rein og vakker natur
- God dyrevelferd
- «Eksotiske produkt» – eit alternativ til industrilandbruket
- Levande kulturlandskap
- Biologisk mangfald
- Tradisjonsberar, tek vare på den immaterielle kulturarven
- Utnytting av fôr-ressursar i utmarka til produksjon av mat

### 4.6.1. Fôrverdi av utmarksbeiting

Verdisetting av utmarksbeite er vanskeleg da det ikkje er direkte målbart i kroner og øre. Men for å synleggjera den økonomiske verdien av utmarksbeite kan ein setja opp ei berekning over fôrverdien som vist i tabell under basert på dyretalet sumaren 2017. Utgangspunktet er berekna fôropptak på utmarksbeite for dei ulike husdyrslaga. Ved ein føreiningspris på kr 3,50 utgjer dette ein verdi av fôropptaket på utmarksbeite i Hemsedal sumaren 2017 på om lag 3 millionar kroner. Rekna om til ei normalavling på 300 føreiningar pr. daa fulldyrka mark (*Gol kommune 2014*) utgjer beiteopptaket ei avling på omlag 2 786 daa ( $2.925.692 / 3,5 / 300 = 2.786$ ) fulldyrka jord i Hemsedal. Til samanlikning er det i Hemsedal kommune i dag totalt omlag 12 349 da fulldyrka jord i bruk (*NIBIO 2017*)


**Tabell 21** \*Kjelde: Søknad om produksjonstilskot 1.10.2017. \*\* Kjelde : NILF-notat 2006-15: Verdi av fôr frå utmarksbeite og sysselsetting i beitebaserte næringer (Asheim og Hegrenes 2006). \*\*\* Pris kr/Fem er tatt frå Fylkesmannen sin sats for avlingstap.

Dyreslag	Tall dyr*	Fôtopptak pr. dyr pr. dag**	Ca. dagar på utmarksbeite	Verdi pr. føreining i kr.***	Faktisk verdi i kr.
<b>Sau (lam og søyer)</b>	4 504	1,0	110	3,5	1734040
<b>Mjølkekyr/ammekyr</b>	231	7,2	80	3,5	465696
<b>Øvrige storfe</b>	466	4,8	90	3,5	704592
<b>Geiter, voksne og kje</b>	38	1,2	90	3,5	14364
<b>Hestear over 1 år</b>	5	5,0	80	3,5	7000
<b>Sum</b>	<b>5 244</b>				<b>2 925 692</b>

Tabell 21 syner at særleg lammekjøt, men også ein del storfekjøt blir produsert basert på fôropptak frå utmarksbeite. Totalt ligg omsetning av produkt relatert til utmarksbeite tett under kr. 3 mill. for lokale buskapar.

Tabell 22 viser utviklinga frå 1995 og fram til i dag. Under (tabell 22) ser vi den samla verdien i kr av fôr henta frå utmaka frå 1995 til i dag. Verdien er også fordelt på dyreslag. Det totale dyretalet har minka, og dermed også den økonomiske verdien henta på beite. I dei siste par åra har dyretalet auka litt igjen.

Tabell 22. Her vises den samla verdien i kroner av fôr henta ifrå utmaka frå 1995 og til i 2017.



#### 4.6.2. Verdi av produkt produsert på beite

I tillegg til beiteverdien kan ein sjå på verdien av produkta som vert produsert med bakgrunn i utmarksbeite. For sauene vil lammeslakt og ca. 50 % av all ull vera produkt frå utmarksbeite.

For storfe er det tilveksten på ungdyr i 2,5 – 3 månader. I forhold til mjølkeproduksjon vert lite mjølk produsert med bakgrunn i utmarsbeiting då det å halde produksjonen oppe, og å ha dyra i nærområdet til fjøset gjer at det stort sett er innmarksbeite/fulldyrka areal som vert nytta. Likevel

vert det kanskje spesielt i slutten av laktasjonsperioden produsert noko mjølk basert på beiting i utmark.

### **Ullproduksjon**

Store delar av denne produksjonen skjer på sommarbeite, sjå tabell:

**Tabell 23. Ull- og skinnleveranse i perioden januar 2017 til desember 2017. Prisen på skinn og ull er ca. 350 kr/st. og ca. 31,6 kr/kg. (Landbruksdirektoratet informasjonsbase).**

Produkt	Stk./kg	Verdi i kr
Skinn	395	138 250
Ull	10 046	317 454
Samla verdi		455 704

### **Mjølkeproduksjon:**

I Hemsedal kommune blir nesten 100% av konsummjølka sumarstid produsert på innmarksbeite eller ved inneforing. Det blir også produsert noko mjølk på stølar som blir lokalt foredla til ost, smør og rømme. Sjå tabell 13 under punkt 4.2.4.

### **Kjøtproduksjon:**

Det er særleg produksjon av kjøt på lam og ungdyr av storfe i sumarhalvåret som er utslagsgivende her.

**Tabell 24. Kjøtleveranse i perioden januar 2017 til desember 2017. (Landbruksdirektoratet sin informasjonsbase) \***  
=Prisbarometer kjøtt -2016 veke 29 veil. produsentprisar.

	Leverte dyr	Levert kg	ca. kr/kg*	ca. pris
Geit/kje	17	201	26	5 226
Gris	25	2 198	26	57 148
Hest/føll	3	1 104	48	52 992
Sau	2 614	52 619	48	2 525 712
Kalv	299	38 655	48	1 855 440
Storfe	654	184 153	48	8 839 344
Sum	3 612	278 930		13 335 862

## **4.7. Registrert verdifult biologisk mangfold**

Med bakgrunn i stortingsmelding nr. 58 i 1996-97 vart det sett som målsetjing at alle kommunane i landet skulle kartfeste viktige område med biologisk mangfold innan utløpet av 2003. Feltarbeidet i Hallingdalskommunane vart utført av Hans Ivar Nesset i 2001 – 2003 og prosjektet vart finansiert av kommunane og Fylkesmannen. Fokus ved registreringa var i hovudsak retta mot kulturlandskap (70 – 85% av tida) med 45 område med naturbeitemark, 11 hagemarker og 8 skogsbeiter som naturtyper det var gjort flest registreringar av. Prioritering av område for synfaring vart gjort gjennom forslag frå lokalkjende og gjennom prioritering ved hjelp av registrering av beite og slåttemark på økonomisk kartverk. Det vart funne fleire viktige område i øvre enn i nedre del av Hallingdal, og Hemsedal hadde etter registreringa 79 ulike objekt. Lokalitetane vart sortert etter: svært viktige (nasjonalt viktige), viktige (viktige for Buskerud) og lokalt viktige (viktige i eigen kommune). I Hemsedal er 69 av registreringane kulturlandskapsregistreringar som ligg på ugjødsela beiteareal. Kommunen har

faktaark på alle lokalitetane med beskriving av området sin tilstand og i dei fleste tilfella ei artsliste frå lokaliteten.

Det vart vidare gjennomført ei rekartlegging/ny kartlegging i 2010 -2011 då det vart sett nærmere på 33 naturtypelokalitetar, 22 av desse kulturlandskapslokalitetar. 18 var ei re-kartlegging av lokalitetar registrert i 2001-03, og resten var nye område. Av dei 39 lokalitetane i 2010 vart 4 lokalitetar vurdert som svært viktige, 24 viktige og 5 lokalt viktige.

Område med biologisk mangfold knytt til jordbrukslandskapet er ikkje stabilt men i stadig endring, og sjølv om mykje av kommunen har vorte gjennomgått i desse registreringane er det sikkert andre område i kommunen som har eit rikt og viktig biologisk mangfold men som ikkje er blitt registrert. Manglande beiting vil i registrerte område også kunne føre til gjengroing og tap av biologisk mangfold. Alle registrerte verdifult biologisk mangfalds områder finnes på kart på kilden;

<https://kilden.nibio.no>

eller meir spesifikk:

[https://kilden.nibio.no/?X=6773762.19&Y=151238.43&zoom=6&lang=nb&topic=arealinformasjon&bglayer=graatone\\_cache&catalogNodes=237&layers=eksterne\\_verneomraader,eksterne\\_naturtyper,eksterne\\_utvalgte\\_naturtyper,eksterne\\_kulturlandskap&layers\\_opacity=0.75,1,0.75,0.75,0.75](https://kilden.nibio.no/?X=6773762.19&Y=151238.43&zoom=6&lang=nb&topic=arealinformasjon&bglayer=graatone_cache&catalogNodes=237&layers=eksterne_verneomraader,eksterne_naturtyper,eksterne_utvalgte_naturtyper,eksterne_kulturlandskap&layers_opacity=0.75,1,0.75,0.75,0.75)



Figur 37. Hydalen landskapsvernområde. Bilete kjem frå Naturbasen.no

## 5. LOVVERK OG RAMMER.

### 5.1. Beitebruksplan sin historie

I Norge bygger gjerde og beitelovgivinga på ei meir enn 1000- år lang lovhistorie. Håvamål seier at «Gard set fred mellom grannar». Magnus Lagabøtes landslov frå siste halvdel av 1200 talet stadfestar prinsippet «en hver freder sin jord». Dette prinsippet gjaldt fram til 1860 da prinsippet vart endra til «enhver får passe sine dyr». I gjeldande lovjeving er det framleis dette prinsippetet som er førande.

Beiteretten i utmarka i Hemsedal er stort sett knytt saman med grunnrett basert på løbbel i ei sameige. Det er også beiterettar knytt til bruk som ikkje har grunnrett i sameigene men er bruksberettiga. Beiteretten er i dag befesta gjennom sedvane, hevd og lovverk. Opprinnleig er beiteretten etablert gjennom generasjonar sin bruk av ressursane i utmarka. Beiteretten ligg på hovudbølet og i stølsområde / sameiger. Beiteretten er svært viktig for husdyrproduksjon då dette er ressursar som kan nyttast sumartid slik at eigedomens sitt fulldyrka areal kan produsere vinterføret, og den totale produksjonen på bruket kan aukast. Frå gamalt av var **hovudregelen** at husdyra utnytta utmarksbeite sumartid medan vinterføret vart produsert på innmark. Gardane rundt om var stort sett i drift, og dette gjorde at interessene og nytteverdien til grunneigarane var meire like, og det låg til rette for å bli einige om problemstillingar som sikra beitebruk og gjerdehald.

Etter kvart har produksjonane blitt meir spesialiserte og stadig fleire gardsbruk vert drive utan at den tradisjonelle bruken av utmarksressursane er ein like viktig del av driftsgrunnlaget. Større fjøs, samdrifter og mindre tilgang på arbeidskraft gjer at storfehaldet i dag i mykje større grad er basert på inneføring/nullbeiting også om sumaren. Og regelen har blitt at storfe stort sett går på inngjerda beiteareal. Tal sau, og besetningar med sau er også redusert (sjå avsnitt 4.2.2 Husdyrhald). Med færre husdyrbruk har det blitt større motsetningar mellom eigedomar som hevdar beiteretten og eigedomar som ikkje lenger ser verdien av denne.

### 5.2. Hovudpunkta i gjerde- og beitelovgivinga

#### 5.2.1. Gjerdelova (Grannegjerdelova av 5. mai 1961)

Grannegjerdelova gjeld dersom ikkje andre rettsforhold seier noko anna. Den gjeld med andre ord berre der partane ikkje har avtala andre reglar. Lova heimlar også at inngåtte avtaler om gjerdehald kan seiast opp etter ei viss tidsfrist. Det er med andre ord slik at det på dei fleste område er fritt opp til partane å avtale ei anna ordning av gjerdehaldet enn det grannegjerdelova legg opp til, så lenge alle dei involverte er einige om det. Om dei derimot ikkje vert einige, eller ikkje avtalar noko, gjeld grannegjerdelova sine reglar.

#### Gjerderett.

Gjerdelova sine reglar gjeld i grense mellom eigedomar, men og mellom innmark og utmark der beiteretten i utmark ligg i sameige eller sambruk. Grannegjerdelova inneheld «rett til å ha gjerde» og «tvang» til å halde gjerde. §6 «*Granne har rett til å ha gjerde mot granne når han kostar det sjølv*», §4 har vidare gitt reglar på korleis gjerdet skal setjast opp. Med «tvang» meiner ein som regel gjerdeplikt. Ein får plikt til å halde gjerde mot ein granneeidet eller mot t.d. felles utmarksbeiteområde. I tillegg til den «rett» ein eigar har til å setje opp eit gjerde i grensa, kan han også krevje at den andre grinnen skal ta del i kostnaden med gjerdet. I utgangspunktet skal kvar av grannane halde ein halvpart av gjerdet. Dersom dette vert urimeleg kan kostnaden fordelast etter

den nytte kvar av dei har av gjerdet. Ein skal og merke seg at slik gjerdeplikt ikkje kan oppstå mot hyttetomter i utmark.

Tidlegare var alle eigedomar i drift på ein slik måte at gjerdehaldet var nødvendig i ei eller anna form for å utnytte ressursane og skaffe mat og inntekt. I dag er berre eit mindretal av landbrukseigedomane i drift, og enda færre har beitedyr som t.d. beitar i utmark. Dette har ført til at det er liten interesse for å ta del i kostnadane det er med å setja opp og vedlikehalde naudsynte gjerde. Mange grunneigarar finn det urimeleg at dei må delta i eit kostbart gjerdehald, når dei sjølv ikkje har inntekt av beite eller anna nytte av gjerdet. Avtale om gjerdeordning kan seiast opp etter minst 10 år, eller når forholda har endra seg vesentleg. Det er i praksis først ved usemje om gjerdehaldet at grannegjerdelova kjem til «nytte». Dersom det er halde skjønn etter grannegjerdelova kan nytt skjønn krevjast etter 15 år.

### Gjerdeplikt for nytt gjerde

Står i gjerdelova § 7, 1. ledd, og det er to vilkår som gjeld:

1. vilkår: Gjerde må være til nytte for begge eigedommane. Dvs. ingen kan tvingast med på eit gjerde som er utan nytte for vedkommande sin eigedom.
2. vilkår: Summen av nytten for begge eigedommane må overstige kostnadene med oppsetting.

**Gjerdeplikt (eller vedlikehaldsplikt) i eksisterande gjerde** står i gjerdelova § 7, 2. ledd. Ein kan ikkje automatisk slutte å vedlikehalde gjerde sjølv om ein sluttar med dyr. Så lenge vedlikehaldskostnadane er mindre enn nytten for begge eigedommane samanlagt, skal eldre gjerde vedlikehaldas og ikkje rivast ned. Kostnadsaspektet er det viktigaste og vedlikehaldsplikta er ikkje avhengig av at gjerdet er til nytte for begge eigedommane. Dette er den viktigaste forskjellen i forhold til nytt gjerde. Føresetnadene for å krevje gjerdeplikt gjennom vedlikehald er mindre enn gjerdeplikt for nytt gjerde. Sjølv om det ikkje er gjerdeplikt på oppsetting av nytt gjerde, kan det bli gjerdeplikt på vedlikehald av gjerde.

### Gjerdehald i tilknyting til hytter i utmark

I gjerdelova § 7, 3. ledd står det blant anna at hytteeigarar ikkje kan krevje at utmarkseigar set opp gjerde mot hyttetomta sjølv om beitedyr kjem inn på tomta. Hytteeigaren kan heller ikkje stenge beiterettshavarane ute viss det kviler beiterett på tomta. Dersom utmarkseigar krev gjerde må han sjølv vera med dersom det ikkje er avtalefesta noko anna. Viss gjerdeforholda er presisert i reguleringsplanen må ein halde seg til desse retningslinjene.

### Retningslinjer om inngjerding kring hytter bør inn i reguleringsplan.

Inngjerding av hytter / hytteområder bør vurderast i samband med utarbeiding av reguleringsplanar. Er det lov med inngjerding, kva kan gjerdast inn, krav til utforming av gjerdet, krav til vedlikehald ? Kommunestyret kan setja forbod mot visse typar grannegjerde, og gje nærmare føresegner om korleis gjerda skal vera.

**Hemsedal kommune har i sin kommuneplan, og i Kommunedelplan for Lykkja / Markegardslia sett generelle reglar for inngjerding av hyttetomter. I kommuneplan står det at 400 m<sup>2</sup> av tomta kan gjerdast inn, og i kommunedelplan for Markegardslia / Lykkja står det at 500 m<sup>2</sup> kan gjerdast inn**

**rundt hytte og biloppstillingsplass. Arealet i kommuneplan vil truleg bli endra til 500 m<sup>2</sup> ved revidering. Føringane i Kommunedelplan og Kommuneplan gjeld om ikkje anna er vedteke i lokale reguleringsplanar.**

I praksis kjem det stadig opp nye midlertidige gjerde, spesielt rundt hytter. Midlertidige gjerder er oftast straumtråd (2 eller 3 trådar) eller plastnetting for straum. Nokon nyttar straum i desse gjerdene - andre ikkje. Det er viktig å merke seg at slike gjerde med straum skal ha dagleg tilsyn. Spesielt plastnettingen er det raskt at dyra henger seg fast i, og denne gjerdetypen burde ikkje vera lov å bruke andre plassar enn der gjerdinga har konstant oppsyn.

Det kjem kvart år inn meldingar om dyr som set seg fast i midlertidige og därlege gjerde. Landbruksnæringa og Mattilsynet åtvarar sterkt mot midlertidige gjerder utan dagleg tilsyn, og gjerder av plastnetting er så utsette for at dyra set seg fast at desse SKAL ha dagleg tilsyn.

**Problemstillingar kring gjerding, gjerdeplikt, farlege gjerde til nedfalls, midlertidige gjerde kring hytter er ei stor utfordring i husdyrhaldet og den praktiske beitebruken.**

#### **5.2.2. Beitelova (Lov om ymse beitespørsmål av 16. juni nr. 12 1961)**

Beitelova gjeld i forhold til husdyr og omhandlar mellom anna husdyreigaren sitt ansvar, også kalla vakteplikta. I tillegg seier «Hanndyrlova» noko om hanndyr på beite. Den går først og fremst ut på at det ikkje er lov til å la kjønnsmodne hanndyr gå saman med andre sine sauar, geiter, hopper eller kyr.

Beitelova seier ikkje noko om beiteretten, men regulerer rettar og plikter i samband med husdyr på beite, for dyre-eigar og for grunneigar. Lova gir også heimel for regulering av beitetidspunkt, og moglegheit for å setje forbod mot beiting i avgrensande områder / avgrensa tidspunkt ved behov.

#### **Vakteplikta:**

Vakteplikta er omtala i beitelova § 6. Den inneber at eigarar av husdyr pliktar å sørge for at dyra ikkje trenger inn på stader der dei ikkje har rett til å være. Brot på vakteplikta kan føre til erstatningsansvar for skade og böter ved for eksempel forsettleg åtferd. Den fornerma parten kan også ta dyra i forvaring. Vakteplikta vert av enkelte utan dyr på beite vist til som grunnlag for ikkje å delta i gjerdehald. Dei utan dyr hevda at dei kan vise til husdyreigar si vakteplikt, og at dei sjølv utan dyr derfor ikkje har nytte av gjerde. Dette er ikkje rett då nytten ikkje skal vurderast utifrå den enkelte eigar sine interesser, men utifrå eigedomen sine interesser.

#### **Kva er beiterett?**

Beiterett er ein rett til å sleppe dyr på beite. I utgangspunktet er beiteretten ein del av grunneigedomsretten, men beiteretten kan også vere bruksrett på annan mann sin grunn. Beiteretten kan ein ha åleine eller saman med andre (sameige). Utfordringar med beiteretten i dag er at den ikkje er registrert i matrikkelen (eigedomsregisteret) og at det ikkje alltid fins skriftlege kjelder til den slik at det kan vera uklart kven som har beiterett, og kor stor den er.

Beiterett på framand grunn er regulert på ulike måtar. Grunnlag for beiterett kan vere; avtale, hevd, alders tidsbruk, og lokal sedvane. Beiterett er ofte i liten grad tinglyst, men kan framkome i skøyte, skyldelingar, utskiftingsprotokollar (jordskiftesaker) o.l. Beiteretten forsvinn normalt ikkje ved at den ikkje vert nytta. Beiteretten går heller ikkje tapt som følgje av omregulering til for eksempel

hytteutbygging, men viss nokon har beiterett på eit areal som vert omdisponert til formål som gjer at beiteretten ikkje let seg utnytte, kan det vera aktuelt at beiteretten vert erstatta eller avløyst.

Det er i kommunen vår i dag ingen kjende konfliktar i forhold til at beiteområder har for mange beitedyr i høve til beiteretten/beitegrunnlaget.

#### **Ulike grunnlag for beiterett:**

**Avtale** om bruk kan vere skrifteleg eller munnleg. Det kan og vere ei stillteiande avtale. Eit viktig poeng som gjeld alt som her er nemnd om avtale, er at det er gjensidig akseptert av partane at beitinga skjer. **Hevd** er langt strengare enn avtale. For å opparbeide hevd må bruken ha føregått i minst 50 år. Vedkomande beitebrukar må ha gjort dette i «aktsam god tru» dvs. at han har trudd at han hadde rett til dette og har gjort sitt for å skaffe seg den naudsynte kunnskapen om rettsgrunnlaget. **Alders tids bruk** ligg nærmast opp mot hevd, krev at bruken har føregått i 50-100 år i «aktsam god tru» av ein bestemt eigedom.

#### **Kva er «streifbeiting»**

Streifbeiting er beiting på tvers av rettighetsgrenser. Det er ingen rett, og er såleis å sjå på som ein tålt bruk. Streifbeiting er ein slags stadfesting av det faktum at dyr kryssar grenser. Streifbeiting er ikkje rettsleg verna, men den er unнатeken vakteplikta. Dyra må sleppast der dyreeigar har beiterett. Det inneber at streifbeitinga ikkje kan nyttast systematisk. Streifbeiting er i praksis vanleg over heile landet.

#### **Kan gjerde- og beitespørsmål avklarast av jordskifteretten.**

Problemstillinger kring gjerde og beitespørsmål kan i ein del tilfelle fremmast for jordskifteretten.

Jordskifteretten kan «lage» eller endre reglar for sambruk mellom eigedomar. Dei kan også føre saker med pålegg om felles tiltak, og pålegg om felles investering. Jordskifte kan skipe lag, og fastsetje vedtekter for lag t.d. veglag. Om ein er usikker på om jordskifteretten kan vera med å løyse ei aktuell problemstilling kring beiting og beitebruk bør ein ta kontakt med dei for å avklare dette.

### 5.3. Aktuelle lovar og forskrifter i tilknyting til landbruket:

- Lov om grannegjerde [grannegjerdelova] av 05.05.1961 nr. 00.
- Lov om ymse beitespørsmål [beitelova] av 16.06.1961 nr. 12.
- Lov om friluftslivet [friluftsloven] av 28.06.1957 nr. 16.
- Lov om vegar [veglova] av 21.05.1963 nr. 23.
- Lov om sameige [sameigelova] av 18.06.1965 nr. 6.
- Lov om særlege råderettar over framand eigedom [servituttlova] av 29.11.1968 nr. 00.
- Lov om avgrensing i retten til å sleppa hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite [hanndyrlova] av 06.03.1970 nr. 5.
- Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane [fjellova] av 06.06.1975 nr. 31.
- Lov om jakt og fangst av vilt [viltloven] av 02.04.1982 nr. 38.
- Lov om jord [jordlova] av 01.07.1995 nr. 23.
- Lov om hundehald [hundelova] av 04.07.2003 nr. 74.
  - Forskrift om hundehald, Hemsedal kommune, av 29.09.2016 nr. 1153.
- Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. [matloven] av 19.12.2003 nr. 124.
  - Forskrift om soner ved påvisning av Chronic Wasting Disease (CWD-sone), av 12.06.2017 nr. 734
- Lov om reindrift [reindriftsloven] av 01.07.2007 nr. 40.
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling [plan- og bygningsloven] av 06.27.2008 nr. 71.
- Lov om dyrevelferd [dyrevelferdslova] av 19.06.2009 nr. 97.
  - Forskrift om velferd for produksjonsdyr, av 03.07.2006 nr. 885.
  - Forskrift om velferd for småfe, av 22.04.2004 nr. 665.
  - Forskrift om rovdyravvisande gjerde av 22.06.2012 nr. 652.
- Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. [jordskiftelova] av 01.01.2016 nr. 100.
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag [motorferdselloven] av 06.10.1977 nr. 82.
- Lov om kulturminner [kulturminneloven] av 06.09.1978 nr. 50.

#### Lov om jord (jordlova) 1995:

I formålsparagrafen seier jordloven "Denne lova har til føremål å leggje tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verta brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket."

Beite er døme på dei arealressursane lova kan ta omsyn til ved søknadar om frådeling frå landbrukseigedom. Jordlova gjeld ikkje i områder som i reguleringsplan eller bebyggelsesplan etter PBL er lagt ut til anna føremål enn mellom anna landbruk. Den gjeld heller ikkje i område som i bindande arealdel til kommuneplanen er lagt ut til mellom anna byggeområde.

#### Lov om friluftslivet (friluftsloven) 1957:

Friluftsloven har lovfesta allemannsretten, det vil seie den retten som alle har til ferdsel, opphold og aktivitet i naturen – uavhengig av eigedomsforhold. Retten til ferdsel og opphold er avhengig av om eit område er innmark eller utmark. Friluftsloven definerer innmark som «... gårdspllass, hustomt, dyrket mark, engslått, kulturgeite og skogplantefelt samt liknende område hvor almenhetens ferdsel

*vil vere til utilbørlig fortrengsel for eier eller bruker ...».* Med utmark meiner friluftsloven all udyrka mark som ikkje blir omfatta av innmarksdefinisjonen. I utmark er det lov å ferdast til fots heile året, «... når det skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet ...» .

**Lov om hundehold (hundeloven) 2003:**

Laushund er eit problem for beitenæringa i Hemsedal. Det blir stadig fleire som har hund og problemet med laushund og skade på beitedyr er aukande. Bandtvang er regulert gjennom hundeloven som er gjeldande for hele Norge, samt at Hemsedal i tillegg har eigen forskrift om utvida bandtvang:

« § 2.Utvida bandtvang av omsyn til husdyr på beite

*I Hemsedal kommune er det, i tillegg til ordinær bandtvang f.o.m. 1. april t.o.m. 20. august, utvida bandtvang av omsyn til beitande husdyr i tida f.o.m. 21. august t.o.m. 31. oktober. Utvida bandtvang gjeld heile kommunen.»*

**Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)****1979:**

Det er særleg to sakstyper der jordskiftelova er aktuell for å regulere beite og gjerdehald i eit område.

*Bruksordning* er ei sakstype der jordskifteretten ordnar bruken av bestemte rettar, utan at ein gjev endringar i grunneigedomsretten.

*Sams tiltak* er ei sakstype der jordskifteretten kan avgjere spørsmål om gjennomføring av investeringstiltak der to eller fleire eigedomar må samarbeide for å få til eit godt resultat. Eksempel kan vera om det skal etablerast ein felles veg eller eit sperregjerde (Reiten)

**Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfoldloven) 2009:**

Lova sitt formål er at naturen med sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosessar vert teke vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneska si verksemnd, kultur, helse og trivsel, nå og i framtida.

**Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) 2017:**

Lova legg føringar for bruk av mellom anna utmark (LNF-område) gjennom kommuneplanen sin arealedel og samfunnsdel, samt anna planverk som reguleringsplan, sti- og løypeplan m.m. Også regionale planar kan få konsekvensar for bruk av beite. Kommunedelplanar og reguleringsplanar er og gjort med heimel i denne lova – planar som regulerer inngrep i utmark som til dømes ved hyttebygging.

## 5.4. Lokale og regionale planar

Hemsedal kommune har også særskilde retningslinjer / lovverk som vedkjem beiting og beitebruk:

Kommuneplanen – samfunnsdelen 2009-2021

Kommuneplanen – arealdelen 2011-2023

Strategisk næringsplan for Hemsedal kommune 2016 - 2022

Stig og løypeplan 2015-2018

### Regionale forvaltningsplanar:

Av planar som omfattar og kan ha påverknad og legge føringar for område med beiteinteresser er:

Regional plan for Nordfjella med Raudafjell 2014 – 2025

Forvaltningsplan for Hydalen landskapsvernområde

### Kort om dei lokale planane:

Kommunedelplanen samfunnsdelen 2009 – 2021

Kommuneplanen sin samfunnsdel vedteke i kommunestyre 03.06.2010 er ein overordna og langsiktig plan for kommunen. Samfunnsdelen i kommuneplanen skal legge overordna føringar for kommuneplanen sin arealdel og kommunen sine meir detaljerte areal og temaplanar. I avsnittet om næringsutvikling har planen som målsetjing å: «*Hegne om dyrka mark og eit aktivt landbruk som grunnlag for produksjon av mat av høg kvalitet og eit kulturlandskap til beste for innbyggjarar og turistar*».

### Kommuneplanen – arealdelen 2011-2023

Kommuneplanen sin arealdel vedteke i kommunestyre 08.12.2011 sak 150/11 viser rammer for kommunen sin arealbruk og er ein juridisk bindande plan for kommunen. Arealdelen er det overordna styringsverktøyet for utbyggingspolitikken. Kommunen har starta opp revidering av arealdelen. Gjeldande arealdel har følgjande retningslinjer vedkomande LNF-R områder (landbruk-natur og friluftsområde samt reindrift):

- *Landbruksareala i kommunen vert oppretthalde gjennom bruk og skal sikrast mot nedbygging. Dette fører med seg at jordbruksareala skal haldast i hevd/ i produksjon.*
- *Landbruket i Hemsedal skal vere ei berekraftig og allsidig næring som tek vare på dei naturgjevne ressursane, sikre sysselsettinga i landbruket.*
- *Kommunen skal legge til rette for at landbrukseigedomar i aktiv bruk kan sikre langsiktig eksistens gjennom tilskotsordningar og øvrige ordningar som kan gjevast gjennom landbruk pluss. Jamfør. også pkt.1.4 tilhøve til jordlova.*
- *Verne om kulturlandskapet og gje øvrig befolkning gode rekerasjonsmuligheter og friluftsopplevingar.*

### Kommunedelplan for Markegardslia – Lykkja 2014 – 2026

Kommunedelplan for Markegardslia – Lykkja vedteke i kommunestyre 01.11.2012 er juridisk bindande og er ein arealplan som forvaltar arealbruken innanfor dette geografiske området. Formåla med planarbeidet var å sikre areal for framtidig hytteutvikling og bustadutvikling, samt å sikre areal til landbruket og ivareta viktige natur- og landskapsverdiar. Kommunedelplana har med anna

gjennom ei «spreidd erverv» sone lagt til rette for landbruksbasert næringsutvikling i området kring landbrukseigedomane i Lykkja.

### **Strategisk næringsplan for Hemsedal kommune 2016 - 2022**

Strategisk næringsplan for kommunen vedteke 18.06.2015 er ein temaplan som avklarar kva for mål, tiltak og ansvar kommunen som verksemd og næringsliv har i forhold til næringsutvikling.

Næringsplanen er ein samla plan for dei ulike næringane i kommunen og erstattar eigne planer innan landbruk, reiseliv og anna næring. Tiltaksdelen i næringsplanen vert omtala i avsnitt 7.

### **Stig- og løypeplan 2015 – 2018**

Stig- og løypeplan vedteke i kommunestyret 09.20.2014 sak 64/14 er ein temaplan som er retningsgjevande for kommunen sitt arbeid med stigar og løyper. Hemsedal kommune skal legge til rette med eit stig og løypenet til beste for tilreisande og fastbuande. Kommunen ynskjer gjennom eit differensiert nett av stigar, løyper og turvegar å legge til rette for friluftsliv og kanalisere ferdsel. Planlegging av nye stigar og løyper, samt opprusting av dei eksisterande skal skje i nært og regulert samarbeid med grunneigarane. Stig- og løypeplan har eit handlingsprogram som skal reviderast kvart år i samarbeid med Hemsedal Utmarksservice.

### **Kort om dei regionale planane:**

#### **Regional plan for Nordfjella med Raudafjell 2014 – 2025**

Den regionale planen for Nordfjella med Raudafjell går inn i tre fylker: Buskerud, Sogn- og Fjordane og Hordaland. I Buskerud omfattar planen kommunane Ål, Hol og Hemsedal. Bakgrunnen for planen er Miljøverndepartementet sitt initiativ for å utarbeide planar for ei heilskapleg forvaltning av fjellområda som er spesielt viktige leveområde for villrein i Norge. Planen skal fastsetje ei langsigkt arealforvaltning som balanserer bruk og vern for dei aktuelle fjellområda med influensområder. I Hemsedal er det store delar av fjellareala på vestsida av Rv 52 som er innanfor dette planområdet.

#### **Forvaltningsplan for Hydalen landskapsvernombord (1991)**

Fyrste forvaltningsplan for Hydalen landskapsvernombord vart utarbeida av Fylkesmannen i Buskerud og vedteke i 1991. Verneregler og forskrift er lagt til Fylkesmannen som ansvarleg organ. Kommunen er saman med representantar frå sameigene i nord- og sør Hydalen, Buskerud Natur og Miljøvernforening og ein representant frå Fylkeskonservatoren, medlem av eit rådgjevande utval for forvaltningsplanen for området. Forvaltningsplana er under revidering og prosessen starta opp i 2006. Framlegg til revidert forvaltningsplan og verneforskrift vart sendt ut på høyring i 2009. Høyringsuttalene er innarbeida og planen kan vedtakast av Fylkesmannen i Buskerud når endringa i forskrifa er gjennomført. Denne ligg i Miljødepartementet for godkjenning og Departementet er purra i årevis, siste gong våren 2016.

Bakgrunnen for verneplanen for Hydalen var eit ynskje om vern/sikring: «Formålet med landskapsvernombordet er å ta vare på eit austnorsk seterdalføre med eit storstått naturlandskap som har uvanleg fin veksling i topografi og planteliv; og ta vare på eit karakteristisk kulturlandskap.» Meir opplysningar om bruken av området under beiteområder: Hydalen beiteområde.

## 6. PROBLEMSTILLINGAR OG UTFORDRINGAR

Landbruket i Norge er i stadig endring – også i Hemsedal. Statistikken syner at det blir færre aktive bruk og at aktive bruk i snitt driv større enn tidlegare (sjå avsnitt 4.2). Utviklinga og omlegginga i landbruket fører også til endra bruk av innmark- og utmarksbeite. Fleire beiteområde i kommunen er i ferd med å gro igjen med bakgrunn i for lågt beitetrykk / ikkje bruk, og det er i dag ikkje noko beiteområde som har eit beitetrykk som er høgare enn det som er forsvarleg.

Beitebruksplanen skal dokumentere korleis landbruksnæringa gjennom å nytte utmarka til beiting haustar verdifulle ressursar til produksjon av mat og tilleggsgode. Plana skal også vise utfordringar i beitenæringa, og ha ein tiltaksdel som viser moglegheiter og kva ein skal arbeide med for å redusere utfordringane.

### Utfordringar:

Færre beitedyr – utfordringar ved den praktiske beitebruken

Beitebruk og gjerdehald

Gjengroing – færre beitedyr, mindre stølsdrift og kulturlandskapet blir endra

Tap av dyr på utmarksbeite (rovdyr og laushund)

Andre næringsinteresser sin bruk av utmarka

Endring av dyreslag og beitebruk kan skape vanskar i den praktiske beitebruken.

### 6.1 Færre beitedyr

#### Utfordringar ved den praktiske beitebruken viser seg på mange måtar:

- Færre eigedomar med husdyr – færre har eigeninteresse i å vedlikehalde gjerde
- Mindre beitedyr i utmarka – dyreflokkar held ikkje andre flokkar på plass - dyra vandrar meir – noko som kan føre til at dyra i større grad oppheld seg i område dei ikkje har rett til å vere som igjen kan skape konflikt med hytteeigarar og grunneigarar imellom.
- Lite eller einsidig beitetrykk

God og konfliktfri beiting krev fungerande reguleringar og avgrensingar. Dette er nokre av utfordringane ved den praktiske beitebruken. Det er færre eigedomar med husdyr, noko som gjer at dyreflokkane er vanskelegare å halde i dei områda der den einskilde har sin beiterett. Tidlegare med meire sau var saueflokk til naboen med på å halde saueflokk på plass slik at dyra ikkje trekte ut av sitt beiteområde. No som det er meir ledig beiteareal trekker dyra lettare inn i desse meir eller mindre tome beiteområda.

Færre beitedyr er også ei utfording ved oppsyn og sank. Der det tidlegare var ein organisert oppsyn med fordeling av tilsynsturar mellom husdyrbrukarane og felles sank med mange folk i arbeid er det no i enkelte tilfelle berre gardbrukaren med familie som er aleine om dette.

Færre beitedyr/ husdyrbrukarar er også med på å skape konflikt grunneigarar i mellom. Dyra streifar meir og oppheld seg på areal der dei i utgangspunktet ikkje skal vera. Grunneigarar utan husdyr har liten eigeninteresset i å vedlikehalde sine gjerde, men har heller ikkje alltid forståing for konsekvensen – at beitedyra trekker inn i deira område. Diskusjonar kring

beiterett, vaktarplikt og gjerdeplikt er eit resultat av dette. Midt oppi desse konfliktane er beitedyra som ikkje kan lesa kart - men likevel kan bli ufint jaga rundt i eit området.

## 6.2. Beitebruk og gjerdehald

Gjerdehald er ei stor og stadig tilbakevendande utfordring i forhold til den praktiske beitebruken. Gjerdeplikten er regulert i gamle avtaler og utskiftingsprotokollar. Gjerdeplikten (også beiteretten) er ikkje opplyst om i det offentlege eigedomsregisteret. Dette gjer at mange ikkje lenger har like god oversikt over sine rettar og plikter. Og når dette ikkje er i noko offentleg register har heller ikkje kommunen denne oversikten. Utfordringane kan vera:

- Ynskje om ikkje å delta i arbeid og kostnad ved gjerdehald eller halde gjerde på eigen eigedom
- Manglande gjerde og konflikt mot jordbruksareal og busetnad, hytter og bustadeigedomar, gjerde som forfell / farlege gjerde rundt eigedom eller i utmark
- Grunneigaren er lenger ikkje klar over gjerdeplikten

Det er ein kjennsgjerning at eigeninteressa i forhold til vedlikehald av gjerder mot innmark og stølsvollar vert mindre hjå grunneigarar som har slutta med dyr. Desse gjerdene kan vera ein del av eit tidlegare «gjerdesystem» som sperrar dyra frå å koma over i andre beiteområde / koma ned i bygda, eller koma inn i støls- og hytteområder, i tillegg til at dei vernar dyrka areal mot beitedyr som tråkkar ned og «stel» vinterforet. For få, eller ein enkelt beitebrukar i eit større område, som har behov for at gjerdene er i orden medfører det store kostnadene og mykje arbeid å stå for vedlikehald av nødvendige gjerde. Etter lengre tid med gjerdeforfall kan resultatet bli at beitinga vert så konfliktfylt/investeringane i nye gjerde vert så stor at beiteområda vert ståande tome. Spesielt mot dyrka areal er gjerdet viktig, og terskelen for å ta igjen desse gjerda kan bli så stor for grunneigarane at dei ved førespurnad seier nei til utleige av ledige beiteområde. Dette er ikkje ynskjelege situasjonar då det fører til at ressursane i gode beiteområde ikkje vert nytta, og vert redusert ved gjengroing.

Det er viktig at kommune, grunneigarar og beiterettshavarar fylgjer opp og er pådrivarar i arbeidet med kontroll av gjerde og oppfylging av retningslinjer for gjerdehald. Vedlikehaldsansvaret for gjerder bør vera avtala. Gode vedlikehaldne gjerde gjer det også lettare å nytte beiteområda og er konfliktførebyggande i forhold til beitedyr på avvegar og på uynskte plassar. Gjerde skal og vera slik at dyr ikkje vert utsett for unødige påkjenninger og belastningar. Den ansvarlege for gjerdet skal føre tilsyn og gjennomføre naudsynte tiltak «*for å kunne oppdage, førebygge og avhjelpe fare for unødige påkjenninger og belastningar*» Gjerder med sjeldan tilsyn skal vera permanente gjerde utan straum.

### Piggtråd er forbode:

Gjerdet må ikkje være farlege for folk eller husdyr. Det har sidan 1. januar 2010 vore forbod mot å bruke piggtråd i gjerde som har til formål å regulere dyr sin ferdsel. Forbodet gjeld og i eksisterande gjerde med behov for vedlikehald der gjerdetråden skal skiftast ut heilt eller delvis. Hemsedal hadde tidlegare lokal forskrift om bruk av piggtråd, denne vart oppheva i samband med piggtrådforbodet.

### Samarbeid med Mattilsynet om tilsyn vedkomande gjerdehald:

Sjølv om det har vore prosjekt med opprydding av gamle beitegjerde, og at det kvar sumar kjem inn meldingar om farlege gjerde som så vert rydda opp i, er dette ei vedvarande problemstilling. Det er også kvar sumar tilfelle der dyr har sett seg fast og skada seg i därlege gjerde. Kommunen samarbeider med Mattilsynet som er ansvarleg mynde i forhold til forsvarleg gjerdehald. Mattilsynet kan med heimel i dyrevelferdslova gje pålegg til grunneigar i tilfelle der gjerdehaldet ikkje er forskriftsmessig.

**Beiteretten:**

Beiteretten er ein viktig ressurs for landbrukseigedomane i Hemsedal då vi er ein fjellandbrukskommune der grovføretande husdyr er den driftsformen som det klimatisk ligg til rette for.

### 6.3. Gjengroing, endring av kulturlandskap og tap av biologisk mangfald

Gjengroing medfører endring av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfald. Beitebruken har vore med og forma kulturlandskapet i utmarka og i stølsområda våre. Nedgangen i beitebruken og stølsdrifta med vedhogst kring stølane er omfattande. Men utviklinga skjer gradvis. Ser ein på bildemateriale frå Oskar Puschmann ser ein at landskapet har endra seg mykje berre frå 1996 då dei fyrste bileta i hans dokumentasjonsserie vart tekne (*Puschmann 1996*). Går ein enda lengre tilbake i tid er det enda større endringar. Utmarka har minst bruk, og er den som fortast gror igjen. Mindre beitebruk og vedhogst gjer at lier som tidlegare var heilt reine for buskar og tre no har tett bjørkeskog. Om noko av endringa skuldast endring i klima så er det likevel endringa i landbruksstrukturen som er den viktigaste. Gjengroinga påverkar landskapet, tilgjenge og oppleveling av kulturminne og kulturmiljø. Liene våre er fulle av utløer som tidlegare vart nytta til oppbevaring av før frå utslåttene rundt. Føret vart ofte henta heim på vinterføre. Desse løene er det ofte berre tuftene igjen av, eller dei står sterkt til nedfalls mange plassar. Områda som vart hausta ikking dei har framleis delvis grasdekke i botnen under bjørk og kratt. Med gjengroinga av beiteområda forsvinn også det biologiske mangfald som er knytt til denne bruken.

Med gjengroing vert beiteverdien redusert, samt at kulturlandskapet endrar seg. Opne område og utsikt forsvinn, og opplevingsverdien også for andre brukarar som fastbuande, hytteeigarar og turgåarar vert redusert.

Det er i dag lite storfe som beitar i utmark i kommunen. Dette skuldast med anna endring i driftsform og mindre stølsdrift. Ungdyr som oftare var å sjå på utmarksbeite går no i større grad på inngjerda beite som vart nytta av mjølkekyrne tidlegare. Mjølkekyrne i dei større fjøsa med mjølkerobot blir i dag i stor grad føra inne i tillegg til det dei hentar på beite/luftegard i kort avstand til fjøset. Også sauetalet har gått ned.

Storfe og sau beitar ulikt, og utifrå dette er det ynskjeleg å få fleire storfe ut på utmarksbeite igjen. Samstundes er det viktig at vi klarer å halde innmarksbeita vedlike og opne. Desse ligg gjerne inntil gardsbruk og stølar som er viktige kulturlandskapselement, og er kanskje viktigare å halde opne om det er nødvendig å prioritere.

## 6.4. Tap av dyr på utmarksbeite

Å miste dyr på beite er både eit økonomisk tap og eit følelsesmessig tap som kan være med å gjera det vanskeleg og lite attraktivt å drive som husdyrbrukar. Tap av dyr i utmark kan førekoma for alle dyreslag, men er oftast knytt til sau. Årsakane til tap kan delast inn i, sjukdom, laushund, ulykker, rovdyrskader og andre årsakar. Få dyr vert funne så raskt at ein med sikkerheit kan fastslå dødsårsak, og det er derfor vanskeleg å lage statistikk som avspeglar verkelegheita. Tapsprosenten på utmarksbeite i Hemsedal er relativt låg. Den har dei seinare åra vore på rundt 2% (sjå avsnitt 4.2.7). Snitt-tapet i Buskerud dei siste 3 år har vore på 6 %.

### 6.4.1. Ulykker

Kvart år dør det dyr på utmark i «ulykker». Det kan vera forårsaka av menneske – som påkjørslar, eller at dyra set seg fast eller skadar seg på anna måte. Organisert beitebruk med organisering av oppsyn er med og gjer at ein oppdagar skada dyr raskt.

### 6.4.2. Tap til rovdyr

Stortingsmelding 15/2003 har slått fast at Norge skal ha levedyktige bestandar av bjørn, ulv, jerv og gaupe. Hemsedal kommune har innslag av gaupe og streifdyr av jerv, bjørn og ulv, samt kongeørn. Dei nasjonale retningslinjene for rovdyrforvaltninga seier at det er uaktuelt å etablere stammer av bjørn, jerv og ulv i Hemsedal, men Hemsedal vert truleg i større grad rørt av streifdyr i framtida. Det er oppretta kommunalt skadefellingslag og har vore gjeve løyve til skadefelling av bjørn og kvotejakt på gaupe i regionen dei seinare åra. Kommunen ynskjer at rovdyrbestanden vert halde på eit minimum innanfor Norsk lov.

### 6.4.3. Sjukdom

Det kan oppstå sjukdom på utmarksbeite. Beinbrot, giftige planter eller jurproblem kan få dødeleg utfall. Husdyreigaren sin beste måte å førebygge sjukdom på beite er at dyra som vert sendt i utmark og til fjells er friske og vitale dyr i god vekst. Likeeins er tilsyn ein viktig faktor, då ein ved å oppdage sjuke dyr tidleg lettar kan redde nokon. Folk på tur er også ein tilsynsfaktor, men det er ikkje alltid lett for dei å vite kva ein skal sjå etter, eller kven ein skal rapporterer til. Kommunen har merkehefte med gardsidentitet og farger på merker for alle sauebruks i kommunen og kan vera med å lede informasjon til rettmessig eigar om det vert oppdaga eit problem.

### 6.4.4. Laushund

Hemsedal er ein turist- og hyttekommune og ein kommune med fokus på friluftsliv og opplevelingar basert på bruk av natur og utmark. Eit av dei største problema i sauensæringa dei siste åra har vore laushund. Med bakgrunn i det omfattande reiselivet og ynskje om å auke sumarturismen vert det lagt ned stor innsats ved å tilrettelegge med rydding og merking av stigar i utmark. Topp 20 er eit svært attraktivt tilbod, og eit døme på dette. Fleire og fleire familiær har også hund som skal vera med på tur. At hunden får vera laus i området med beitande husdyr kan føre til stygge episodar, og talet på stygge episodar er aukande. Laushund er rapportert og dokumentert å vera eit stort problem både i dei områda som har mykje trafikk av turgåarar, men også i nærliken av hytteområder. Generelt er det mangel på forståing for kvifor det er viktig med hund i band, og mange hundeeigarar ser nok ikkje for seg korleis deira snille familiehund kan gjera skade på husdyr.

Konsekvensen av lause hundar er fleire:

- Lam eller sau kan bli litt til døde, eller døy av infeksjonar forårsaka av mindre bitt.
- Lam kan koma bort frå mora, dette kan få dødelege følgjer:
  - Lam som er åleine veks därleg, kan lett koma ut for ulykker, og er lettare offer for rovvilt
  - Sau som har mista sitt lam kan få jurbetennelse og døy
- Hunden jagar og dyra spring til dei blir sprengt, og kan døy av stresset.

Jaging av sau med laushund er ansvarslaust og dyreplageri. Det medfører økonomisk tap grunna tap av dyr, låg tilvekst på beite og tap av gode avlsdyr, men det er også ein kjenslemessig belastning for husdyreigaren.

#### Hemsedal kommune har lokal forskrift om hundehald:

Hemsedal kommune reviderte lokal forskrift om hundehald i 2016. Tida med bandtvang vart då utvida til å gjelde frå 1. april til 31 oktober<sup>3</sup>. Bakgrunnen for utvidinga var at det dei siste åra har vore fleire episodar med angrep av hund på sau som var henta heim frå fjellet og gjekk på inngjerda innmarksbeite seinhaustes. Sumarsesongen 2017 er eit år med store problem og tap, ca. 50 sau i Hemsedal er i 2017 skada, sakna eller avliva med bakgrunn i laushund. 25 av desse er funne drept eller avliva med bakgrunn i påførte skadar.

#### Utmarksoppsynt summarstid:

I tillegg til utviding av tida med bandtvang vart det oppretta stilling som utmarksoppsynt med forenkla politimynde i kommunen (kommunen har også hatt dette tidlegare). Dette for å kunne førebygge problema med laus hund i beiteområda. Beitenæringa har i tillegg hatt eit omfattande prosjekt med skilting for å opplyse om bandtvangen langs stigar og utfartsårer. Det er i tillegg køyrt informasjon i kommunepost, skriv til hytteeigarar, info på kommunen si nettside og på face-book. Håpet er at dette har ein preventiv effekt.

## 6.5. Andre næringsinteresser

### 6.5.1. Utbygging av hyttefelt:

Det er eit ynskje om utvikling av reiselivet og meir hyttebygging i kommunen. Desse utbyggingsområda vert lokalisert på LNF areal (landbruk- natur og friluftsformål) og kan føre til interessekonflikt med landbruksinteresser. I pressområde kan det oppstå motsetningar mellom grunneigarar med utbyggingsplanar og grunneigarar som nyttar og vektlegg beiteinteressene. Dei beste beiteområda, solvendte og i nærleiken av stølsområda, er ofte også dei mest attraktive områda å nytte til utbygging. Ved endringar i samfunnssituasjonen med behov for auka sjølvforsyning og matproduksjon er det også desse områda kring eksisterande landbruk og stølar som har størst potensiale for landbruket for utviding og auke av produksjonen. Etablering av landbruk, gardar og stølar frå gammalt av var basert på jordsmønn og klimatilhøve, og om ein ser for seg at landbruket skal kunne utviklast utover situasjonen i dag bør ein vera varsam med å ta i bruk desse områda til ikkje reversible formål. Hemsedal har vegetasjonskartlegging som viser beiteverdien (sauebeite, sjå kart 2 i

<sup>3</sup> Link til forskrift om bandtvang for Hemsedal kommune ( <https://loodata.no/dokument/JB/forskrift/2016-09-29-1153?q=bandtvang%20hemsedal> )

avsnitt 12.2) på utmarksareala i kommunen. Dette vegetasjonskartet er verktyet som er nytta for å fastsetja beiteverden i beitebrukskartet.

Beitedyr i hytteområder kan vera konfliktfylt. Dei vanlegaste problemstillingane er:

- Beitedyra er til sjenanse for hyttefolk (møkk, bjøller osv.) tilsådde plenar og vegskrånningar tiltrekker seg beitedyra, og dyra oppheld seg på areal der dei ikkje er ynskja (terassar, inntil husveggar m.m.) - gir dårlege beitevanar
- Hyttefolk er til sjenanse for beitedyra (laushundproblematikk)
- Inngjerding sperrar etablerte og naturlege dyretråkk. Inngjerda areal og krypkjellar under hytter kan skape feller for dyra (innestenging / farlege gjerde)
- Gode beiteområde vert redusert eller sperra tilgangen til.

Eit problem ved utbygging er at beiterett og beitebruk ikkje vert teke med inn i planprosessen tidleg. Plansystemet tek ikkje automatisk omsyn til rettar / privatrettslege forhold og dette medfør ofte at problemstillingar kring beitebruken vert gløymt i planarbeidet.

#### **6.5.2. Naturbruk og friluftsliv:**

Bruken av naturen er ein viktig del av Hemsedal kommune sitt næringsliv og identitet. Hemsedal vender seg til ei aktiv brukargruppe nå kommunen vert marknadsført for tilreisande og busette, og kommunen har stort potensiale for utvikling av naturbasert reiseliv. Dette er eit viktig reiselivsprodukt for kommunen vår i dag, og er eit område vi ynskjer å utvikle oss på og bli enda meir attraktive på. Vi har i dag Topp 20 og mange andre attraktive turstigar som går gjennom beiteområder. Det er, og har vore, eit godt samarbeid mellom reiselivet og grunneigarane i Hemsedal. Positive grunneigarar som stiller grunn til rådigheit for stigar og løyper. Som grunneigar ser ein at dette gir ringverknader for utleige av hytter og stølsbuer, men det følgjer også med utfordringar som til dømes opne grinder, og problem med laushund i område med mykje brukte stigar. Informasjon om beitedyr, bandtvang og korleis ferdast i områder med husdyr er noko reiselivsnæringa og landbruket bør samarbeide om slik at det vert i varteteke på best mogleg måte.

#### **6.5.3. Beitebruk og jakt:**

Beitedyr og jakt kan i nokre tilfelle skape konflikt mellom ulike interesser. Beitedyr og sank kan skape uro i jaktområda under jakta. I Hemsedal har dette vore eit lite problem. Sauen vert sinka andre og tredje helga i september. Det vert sinka intensivt og det er svært få beitedyr igjen i utmarka når eljakta startar 25 september. I forhold til hjortejakta som startar opp 1. september er det ei forståing blant jegarane for at dei ikkje nyttar hund først i september med bakgrunn i at det framleis går sau i liene. Det å ikkje trekke sanken i tid, men sanken intensivt innanfor dette tidsrommet vil vera med å halde konfliktnivået nede. Ved utleige av beite er sanketidspunkt noko som bør vera med i avtala.

Det har og vore stilt spørsmål om beiting og verknaden denne har på td. rypebestanden. NIJOS sin forsking på dette i Setesdal og Hol i Buskerud syner at ved moderat beitetetrykk vil beiting heller virke positivt på lirypebestanden.

#### **6.5.4. CWD:**

I forbindelse med oppdaging og handteringa av CWD (chronic wasting disease, også kalla skrantesjuke) på reinsdyr i Nordfjella som vart oppdaga i 2016 er det innført ny forskrift som legg føringar for beitebruken i Hemsedal. Landbruks- og matdepartementet vedtok soneforskrift for CWD

skrantesjuke 12.06.2017. Heile Hemsedal kommune er omfatta av soneforskrifta, og med formål å hindre smitte i sona og frå sona er det lagt restriksjonar på husdyrhaldet i kommunen. Det mest vesentlege i forhold til beitebruk er forbodet mot å plassere saltstein slik at den er tilgjengeleg for hjortedyr. Dette gjeld både i utmark og på innmarksbeite, og medfører inngjerding (spesielle grinder) av saltstein og salteplassar. Også salteplassar som ikkje er i bruk i dag, men har vore i bruk dei siste 10 åra skal gjerdast inn eller «pukkast opp» med bakgrunn i at restar av salt i grunnen kan føre til at hjort/elg/rein trekker dit og vert utsett for smittefare.

Våren 2018 er all villrein i Nordfjella skote ut, og området skal sanerast i 5 år før ny villrein vert ført inn i området. Mattilsynet er kontrollorgan, og har mynde i forhold til dei føringar som vert lagt for beitenæringa i forhold til CWD. Som kontrollorgan sit dei og med kartfesting av salteplassar innanfor sone 1. Kommunen og beitenæringa må forhalde seg til, og søke å oppfylle på best mogeleg måte, forskrifter som vert innført i samband med CWD, med bakgrunn i fagmynde sin vurdering av nødvendige tiltak på området.

#### **Saltstein til husdyr (§5 i forskrifta):**

*«I sonen er det forbudt å sette ut slikkestein som er tilgjengelige for hjortedyr. Slikkestein som allerede er satt ut når forskriften trer i kraft, må enten fjernes eller gjøres utilgjengelige for hjortedyr innen 1. august 2017. Det er likevel tillatt med kortvarig bruk av slikkesteiner i forbindelse med kontrollert samling av dyr, dersom slikkesteinen fjernes umiddelbart etter bruk.»*


Hemsedal sankelag har gjort ein omfattande jobb i forhold til innsamling av opplysningar om salteplassar for småfe. Salteplassane er viktige for å halde dei ulike besetningane i «sine» beiteområder, og Staten kostar inngjerding av salteplassar med grinder slik at sauene kjem til saltet, men ikkje hjortedyra. Saltstein til storfe kan ikkje inngjerdast på same måte, noko som er ei ulempe for storfe spesielt i utmark. Som kompetanse for at det ikkje lenger kan vera faste salteplassar for storfe er det opna opp for å søke om tilskot til radiobjøller til storfe i utmark i Hemsdal.

## 6.6. Radioaktivitet

Der er vart pålagt nedföring av beitedyr i Hemsedal pga. Tsjernobyl-ulykka i 1986. Dette resulterte i krav om nedföring, (å føre husdyr frå beiteområde forureina av radioaktivitet med ikkje-radioaktivt fôr) i ein periode for å redusere radioaktiviteten i kjøt eller mjølk.

Nedföring har vore pålagt i periodar enkelte stader i kommunen. Det har dei siste åra ikkje vore målingar frå Mattilsynet som har utløyst pålegg om nedföring i kommunen, og det er no to år sidan at det blei slutt på å bruke saltstein og kratfôr med berlinerblått som er med å nøytralisere radioaktivitet hos dyr.

I 2016 blei Hemsedal frigitt for observasjon av radioaktivitet (sjå figur 38). Radioaktivitet er i dag ingen utfordring eller problem for utmarksbeitinga i Hemsedal.



Figur 38 Observasjonssoner for radioaktivitet etter Tsjernobyl på småfe i Norge

## 7. VEDTEKEN NÆRINGSPLAN

Hemsedal kommune har i tidlegare landbruksplan, næringsplan og kommuneplan jobba for å styrke landbruket i kommunen.

Utdrag frå landbruksplan 2001:

Hovudmål for landbruket i Hemsedal:

Hemsedal kommune skal arbeide for eit landbruk;

- Som nyttar alle ressursane på garden
- Som gir ei tilfredstillande inntektsutvikling
- Som forvaltar naturressursane i pakt med samfunnsinteressene og naturen si toleevne
- Som produserer helsemessig trygg mat av høg kvalitet produsert på ein miljøvenleg måte og slik at velferda til dyra blir ivaretakne.


Desse måla er mykje dei same i dag. Tabellen under syner utdrag frå siste vedtekne næringsplan.

### 7.1. Utdrag frå vedteken næringsplan

Mål	Næringa sitt ansvar	Kommunen sitt ansvar
1 % auke i produksjon/ år (svasar til årleg folketalsauke i Norge) Sikre befolkninga trygg mat gjennom ein berekraftig produksjon.	Saman med interesseorganisasjonar utvikle sterke fagmiljø og møteplassar/ som støttar opp om dei som vil satse – prosjekt «mjølkerampa».	Målretta kommunale tilskot til gardbrukarar som ønskjer å satse tradisjonelt.
	Auke produksjon innan grovforbaserte produksjonar som mjølk, storfe- og saukjøtt	Offensiv oppfølging av BU-søknadar i samband med investeringar. Fylge aktivt opp den tradisjonelle tilskotsforvaltninga til landbruket slik at midlane kjem bøndene til gode.
Halde jordbruksareala våre i produksjon, og søke å oppretthalde verdiane i kulturlandskapet Arbeide for aktive stølar og levande stølslandskap. Sjå viktigheita i å ta vare på landbrukseigedomen som bustad og næringsbedrift.	Sjå forvaltningsansvaret som ligg til det å eige og drive ein landbrukseigedom	Gjennom arealforvaltning og handheving av driveplikta arbeide for langsiktige leigekontraktar og at aktive bruk får auka andel eigd jord
	Invitere reiselivsnæringa til eit tettare samarbeid i forhold til korleis ein skal oppretthalde eit attraktivt kulturlandskap.	Aktiv oppfølging av tilskotsmidlar som SMIL, RMP, Organisert beitebruk slik at midlane kjem aktivt landbruk, matproduksjon og kulturlandskapet til gode.
Stimulere til etablering av ny lønnsam tilleggsnæringer	Initiere og arrangere fagturar og fagmøter med vekt på nytenking, og alternativ bruk/ foredling av naturressursane	Hallingdals kommunane saman med Hallingdal Etablerarsenter etablere ei ressursgruppe for tilleggsnæringer

	Leite etter gode tiltak med fokus på reiseliv/landbruk for styrking av begge næringar	Synleggjere potensiale i skjeringspunktet landbruk/reiseliv
Bygging av omdømme	Synleggjere Hemsedalsbonden som produsent av mat og miljøkvalitetar lokalt og nasjonalt	Vera støttespelar ved til dømes Open gard arrangement.
Auka rekruttering og oppbygging av kompetanse innan naturbruksfag og agronomi.	Arbeide for at fleire tek basisutdanning innan landbruket.	Arbeide for ei hensiktmessig landbruksutdanning som gjer at nye bønder har den faglege ballasten dei treng i landbruksproduksjon. (1 årig agronomkurs, etterutdanning og liknande.) Støtte opp omkring prosjekt - «Fjellbonden» tilpassa fjellandbruket, på Ål vidaregåande skule.
	Få etablert faste besøksgardar for utplassering av ungdomskuleelevar	Vera støttespelar ved eit fagopplegg for barneskulen knytt opp mot jordbruksdagar / skogdagar.

(Kjelde: Hemsedal Strategisk næringsplan 2016-2022 Vedteke 18.6.2015)



Figur 39. Kvige på utmarksbeite ved Kyrjebøen.

## 8. TILTAKSDEL BEITEBRUKSPLAN

**Kartdelen i beitebruksplanen er eit tiltak i seg sjølv, og truleg den viktigaste grunnen for å utarbeide ein beitebruksplan for kommunen, då kartdelen syner beiteverdien i ulike område og dagens beitebruk. Dette er eit viktig innspeil i forhold til arealforvaltninga i kommunen.**

I kapittel 6 er det tatt opp aktuelle problemstillingar og utfordringar for beitebruken i Hemsedal. Tiltaksdelen er eit skjematiske oppsett over dagens utfordringar, med konkrete tiltak for å prøve å løye eller minske desse.

Mål	Tiltak	Ansvar
<b>6.1 Færre beitedyr - auke tal beitedyr og bruken av beite</b>		
Legge til rette for utmarksbeiting.	«Strategiske» sperregjerder som felles tiltak/konfliktdempande tiltak (viktig med avtaler også om vedlikehald og seinare fjerning). Mogleg tilskot gjennom SMIL, eller tilskot frå ymse jord og skogbruksformål.	sankelag, grunneigarar
	Marknadsføre «Organisert beitebruk» som system for tilsyn, sank og felles investeringar. Få med storfebrukarane i ordninga.	komune sankelag
	Ta vare på viktige utmarksbeiteressursar i dag og for framtida. Unngå utbygning i dei beste beiteområda (sjå beitekart) - bebygd areal kan ikkje reverserast. Ta omsyn til dagens beitebruk, men også framtidig beitebehov. Unytta beiteområde kan bli viktige ved behov for auka matproduksjon i framtida.	komune (administrativt og politisk) grunneigar
	Ivareta beiteretten ved nye arealplanar og reguleringar. Ta beitebruk inn som tema ved oppstartsmøte på nye planar.	komune (administrativt og politisk) grunneigar
Få fleire storfe på utmarksbeite.	Få fleire storfebrukarar inn i organisert beitebruk – stimulere til samarbeid om tilsyn og sank.	komune sankelag
Auke husdyrtalet - fleire dyr på beite	Skape positive møteplassar – Rekruttering til landbruksnæringa - støtte gruppa «Unge bønder i Hemsedal». Aktive faglag og fagmiljø – fadderordning? Informasjon om tilskot til bruksutbygging m.m.	komune faglag næring grunneigar
<b>6.2 Beitebruk og gjerdehald</b>		
Beitedyr som etablerer seg i feil beiteområde.	Aktivt tilsyn Slakte ut problemdyr Vurdere flytting av salteplassar ?	husdyreigaren
Førebygge konflikt grunneigarar i mellom	Få fram beitedyra sin positive effekt på kulturlandskap, og som trivselsfaktor. Vera løysingsorientert for å halde beitedyra vekk frå uynskte stader som tomt, trapp og veranda. Ta beitebruken inn i kommunale planar (reguleringsplan, kommuneplanen sin arealdel) Beitedyra skal i utgangspunktet gå der eigaren har beiterett eller leiger beiterett, men sjå positivt på beitedyra utifrå dagens situasjon, færre beitedyr gir lettare meir streifbeiting. Inngå skriftlege avtaler ved utleige av beite.	komune sankelag sameiger grunneigarar

Auke kunnskapen om eigedomane sine rettar og plikter til unge bønder	Arrangere kurskveldar med informasjon om beitelovgivninga, samt innformere og vegleie om kunnskap som er tilgjengeleg på nett i jordskiftesaker, grunnbøker m.m.	kommunen
Konflikt kring gjerdehald / gjerdeplikt.	Ta problemsaker opp med jordskifte. (Twist om beiterett / nabogjerdespørsmål - kvar, kven, kor stor, kven har gjerdeplikt m.m.) Jordskifte kan kanskje løyse beite / gjerdekonflikt ved avtaler. Opprydding i gamle beiterereguleringar innmark/utmark gjennom felles tiltak eller gjerdeskjønn	grunneigaren (communen) jordskifteretten
Krav til gjerdehald. (dyrevelferd m.m)	Utarbeide gjerderetteiar med informasjon om beitedyr, og med krav til godkjent gjerde.	Kommunane i Hallingdal, næringa
Konflikt beitebrukskarar i mellom	Aktivt tilsyn – respektere hanndyrlova Innby til dialog for å løyse eventuelle konflikt (er lite konflikt beitebrukskarar i mellom)	sankelag næringa
Konflikt mellom beitebrukskar og grunneig/utbyggjar	Beitebruken må tidleg inn i planfasen, ta omsyn til gode beiteområde og ting som er viktig for beitebruken. Ha fokus på gjerdehold. Innby til dialog og vera løysingsorientert.	Kommunen Grunneigeren Beitebrukskar
<b>5.3 Redusere gjengroing, endring av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfold</b>		
Arbeide for auka beiting i innmark og utmark	Støtte opp om beiting og stølsdrift med nasjonale og lokale tilskotsordningar, PT, RMP, OBB og SMIL. Seminar om beiting og beitebruk.	commune faglag
Auka bruk av lokalt trevirke /ved	Opne kulturlandskapet ved: Samarbeid grunneigar og hytteteigar/fastbuande om rydding og vedhogst. Arbeide for etablering av fleire flisfyringsanlegg – bruk av biobrensel	næring grunneigar kommune
Auka sambeiting	Auke kunnskapen om og verdien av sambeiting av storfe / sau / hest / geit	næring grunneigar
Opne opp igjen verdifulle kulturlandskap	Informere om SMIL tilskot, beitetilskot i RMP og PT, stølstilskot m.m.	commune grunneiger
Tap av biologisk mangfold	Auke kunnskapen om eksisterande område med biologisk mangfold. Utarbeide skjøtselsplanar for bevaring av areal med viktig biologisk mangfold	grunneigar kommune
Innmarksbeiter / utmarksbeiter ikkje i bruk	stimulere til bortleige – viktig med gode leigeavtaler handheving av driveplikta Kva er eit realistisk prisnivå på beiteleige ?	commune næring
<b>5.4 Førebygge tap av dyr på utmarksbeite</b>		
Observasjon av sjukdom hjå beitedyr	Orientring om beitedyr i områder med turistar med skilt om husdyr på beite, telefonnr. På kontaktpersonar for å melde frå om skade/sjukdom. Merkebok med oversikt over besettingsmerking	(communen) sankelag grunneigar

	er laga av småfenæringa og distribuert til kommune, turistkontor, innkjøpslag m.m for lettare å identifiserer husdyreigaren.	
Bandtvang	Informasjon om kommunen sine reglar om bandtvang. Synlege skilt i starten av alle mykje brukte stigar, på parkeringsplassar, i hytteområder m.m. Informasjon på Hemsedal.com, kommunen sine nettsider, Facebook, turkart og brosyrer m.m. Synleg utmarksoppsyn i turområda.	kommune HTL - turistkontor HUS sankelag
Oppsyn i beiteperioden	Tilsynsrundar – Bonden «uniformerer» seg på tilsynsrundar. Til dømes caps / vest med teksten «gjetar» på. Stopp og snakk positivt med turgåarar – vis at det er oppsyn med beitedya - dette skaper positivitet og forståing for beitenæringa/landbruket.	sankelag husdyreigar
Informasjon om beitedyra i områder med storfe i utmark.	Informasjon om beitedyra i områder med storfe / ammeku på beite i utmark. Det er store dyr - «Korleis oppfører du deg – korleis går du med hund»	sankelag husdyreigar
Rovdyrtap	Melde frå til rovvilktkontakt om observasjonar / funn av kadaver.  Tilskot til førebyggande tiltak – flytting av beitedyr/tidleg heimsanking. Stille ledige beiteområder til disposisjon for andre kommunar med store tap til rovdyr.  Halde rovvilt bestanden på vedteke nivå	grunneigar beitebrukar andre  fylkesmann grunneigar  fylkesmann,
<b>5.5 Andre næringsinteresser</b>		
Utbygging av hyttefelt: I allereie utbygde hytte områder	Tillate inngjerding av delar av hyttetomter som konfliktførebyggande tiltak. (500m2 i ny kommuneplan)	grunneigar beitebrukar
	Opprydding i uansvarlege og därlege gjerde	commune hytteeigar grunneigar
Utbygging av hyttefelt: førebyggande tiltak, for å minske problema i forbindelse med nye hytte områder	Lokalisering av utbyggingsområde som skaper minst mogleg arealmessig konflikt i forhold til beitebruk, bruke beitebruksplan, dialog utbyggjar - beitebrukar	Kommune grunneigar
	Ta stilling til beiterett og inngjerding /utforming av inngjerding tidleg i prosessen (i oppstartsmøte) og legg føringer i reguleringsplanen og kommuneplanen.	Kommune Grunneigar beiterettshavar
	Ved tett utbygging, kan det vera ynskjeleg å gjerde inn heile felt ? Ta stilling til dette i forhold til beiteretten. (Avløysing av beiteretten stiller strengare krav til vaktplikt). Stiller krav til svært tett utbygging. Ta kostnadene ved dette som ein del av grunnlagsinvesteringane, hugs også avtale om vedlikehald	Kommune Grunneigar beiterettshavar
Naturbruk og friluftsliv:	Turstigar – ta omsyn til beitebruk, legge til rette med gjerdekliv – Synleg og god informasjon om beitedyr og bandtvang	HUS grunneigar
Beitebruk og jakt	Sanketidspunkt 2 og 3 helga i september, og intensiv sank er førebyggande i forhold til elgjakta. Jegarar observerer dyr som går att i utmarka for bonden. Hent dyra raskt når du får melding om dette.	husdyreigar sankelag

	(Lite konfliktfylt i Hemsedal).	
<b>6.6 Radioaktivitet</b>		
Ikkje aktuelt	Ingen tiltak i dag.	

## 9. LTTERATURLISTE

- Angeloff, M. og Rekdal , Y. (1998). Informasjonssystem for beitebruk i utmark. Instruks for teikning og digitalisering av kartmanus. NIJOS-dokument 8/98.
- Asheim, L. J. og Hegrenes, A. (2006) *Verdi av Før frå utmarksbeite og sysselsetting i beitebaserte næringar*. NILF 2006 –notat 15. [Internett]. Tilgjengelig frå: [http://nilf.no/publikasjoner/Notater/2006/Verdi\\_av\\_for\\_fra\\_utmarksbeite\\_og\\_sysselsetting\\_i\\_beitebaserte\\_naeringar-Innhold](http://nilf.no/publikasjoner/Notater/2006/Verdi_av_for_fra_utmarksbeite_og_sysselsetting_i_beitebaserte_naeringar-Innhold) [Nedlasta 03.03.17]
- Bringe, L. E. (2015). *Beite til sau*. Norsk Landbruksrådgiving. [Internett]. Tilgjengelig frå <https://nordland.nlr.no/publikasjoner/grovforskolen/12-beiting/beite-til-sau/> [Nedlasta 16.03.17]
- Forskrift om landskapsvernombjøde, Hemsedal (1989). Lov av. 24 februar 1989 nr. 124 om Hydalen. *Forskrift om vern av Hydalen landskapsvernombjøde, Hemsedal kommune, Buskerud*. [Internett]. Tilgjengelig frå: [https://lovdata.no/dokument/MV/forskrift/1989-02-24-124#KAPITTEL\\_1](https://lovdata.no/dokument/MV/forskrift/1989-02-24-124#KAPITTEL_1) [Nedlasta 11.07.17]
- Fylkesmannen i Buskerud (1996). *Buskerud fylke, Kvartærgeologi og geomorfologi*. Miljøvernavdelingen. Rapport nr 7 1996.
- Gol Kommune (2014) *Beitebruksplan i Gol Kommune*. Gol. [Internett]. Tilgjengelig frå: <http://www.gol.kommune.no/siteassets/gol/teknisk-og-eigedom/landbruk/beitebruksplan/beitebruksplan-for-gol--kommune-elektronisk-versjon.pdf> [Nedlasta 08.09.16]
- Hemsedal kommune (2001). *Landbruksplan for Hemsedal 2001*. KS-sak 54/01 20.09.2001.
- Hemsedal kommune. (2015) *Hemsedal Strategisk næringsplan 2016-2022*. Vedtekten 18.6.2015. [Internett]. Tilgjengelig frå: <http://www.hemsedal.kommune.no/siteassets/hemsedal/teknisk-eiendom-og-naring/strategisk-naringsplan/strategisk-naringsplan-hemsedal-kommune-2016-2022.pdf> [Nedlasta 03.03.17]
- Miljødirektoratet (2017). *Naturbasen: Fakta Ark: Hydalen*. [Internett]. Tilgjengelig frå: <http://faktaark.naturbase.no/Vern?id=VV00001884> [Nedlasta 11.07.17]
- Moen, A. (1998). *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss.
- NIBIO (2015). *Beitestatestistik, 0618 Hemsedal*. [Internett]. Tilgjengelig frå: [http://www.skogoglandskap.no/kart/beitestatistikkhttp://kart2.skogoglandskap.no/xml\\_filer/2015/0618\\_arstat\\_2015.xml](http://www.skogoglandskap.no/kart/beitestatistikkhttp://kart2.skogoglandskap.no/xml_filer/2015/0618_arstat_2015.xml) [Nedlasta 16.03.17]
- NIBIO (2016). *Retteleiar for klassifisering av innmarksbeite i AR5*. [Internett]. Tilgjengelig frå: [http://www.skogoglandskap.no/filearchive/Beiterettleiar\\_Nibio\\_2016-1..pdf](http://www.skogoglandskap.no/filearchive/Beiterettleiar_Nibio_2016-1..pdf) [Nedlasta 03.03.17]
- NIBIO (2017). *Arealressursstatistikk, 0618 Hemsedal*. [Internett]. Tilgjengelig frå: [http://kart2.skogoglandskap.no/xml\\_filer/2015/0618\\_arstat\\_2015.xml](http://kart2.skogoglandskap.no/xml_filer/2015/0618_arstat_2015.xml) [Nedlasta 21.02.17]
- Oppdal kommune (2009) *Beiteplan for Oppdal 2009 – 2012, Ein rullering av beiteplanen frå 2001*. Oppdal. [Internett]. Tilgjengelig frå: <https://www oppdal.kommune.no/globalassets/pdfdokumenter/plan-miljo-og-landbruk/landbruk/beiteplan-2009-2012.pdf> [Nedlasta 16.03.17]
- Puschmann, O. (1996). *Et landskaps kulturkvaliteter –hvordan se den nære fortid i dagens jordbrukslandskap. Kildebruk og analyse av tre eksemplområder i Hemsedal kommune*. NIJOS rapport 12/96.


- Rekdal, Y (2010). *Beitekapasitet i utmark*. Skog og landskap. [Internett]. Tilgjengelig frå: [http://www.skogoglandskap.no/filearchive/beitekapasitet\\_i\\_utmark.pdf](http://www.skogoglandskap.no/filearchive/beitekapasitet_i_utmark.pdf) [Nedlasta 15.08.17]
- Rekdal, Y (2013). *Utmarksbeite i Gudbrandsdalen*. Skog og landskap. [Internett]. Tilgjengelig frå: <http://www.lillehammer.kommune.no/getfile.php/2478877.1852.vbdtyuvxqw/Yngve+Rekdal.pdf> [Nedlasta 15.08.17]
- Skurdal E. (1998). *Beiting i utmark*. I: Husdyrforsøksmøtet 1998. Norges landbrukshøgskole, Ås.
- SNL; Thorsnæs, G., Askheim, S.(2017). *Hemsdal*. Store norske leksikon. [Internett]. Tilgjengelig frå: <https://snl.no/Hemsedal> [Nedlasta 03.03.17]
- Ål hytteforbund. (2017). *Noen hovedpunkter i gjerde- og beitelovgivningen*. [Internett]. Tilgjengelig frå [http://www.aahf.no/filer/saker/gjerder/Hovedpunkter\\_i\\_lovene.pdf](http://www.aahf.no/filer/saker/gjerder/Hovedpunkter_i_lovene.pdf) <https://nordland.nlr.no/publikasjoner/grovforskolen/12-beiting/beite-til-sau/> [Nedlasta 28.03.17]
- Ål kommune (2003). *Beitebruksplan for Ål*. Ål

## 10. Vedlegg


### Vedlegg 1

Utdrag frå Informasjonssystem for beitebruk i utmark instruks for teikning og digitalisering av kartmanus (*Angeloff og Rekdal 1998*).

Ein bor freiste å få ei mest muleg naturleg avgrensing av områda t.d. ved å bruke vassdrag og andre naturlege barrierer som grenser. Beitelagsgrenser som følger vassdrag skal leggast midt etter elver og sjøar.




Figur 1. Beitelagsgrenser følger vassdrag



Figur 2. Beitelagsgrenser følger naturlege barrierer

Avgrensing mot større vatn, uproduktive fjellområde og kyst skal gjerast ved at ein legg grensa eit stykke ute desse areala. På den måten unngår ein tidkrevjande arbeid med å følge vasskonturen.



Figur 3. Beitelagsgrenser i større vatn

## Vedlegg 2 Vegetasjonstypar

Utdrag frå NIBIO sine faktar ark om vegetasjons typar. Berre dei som er brukt i denne rapport er tatt med. Fullstendig beskriving med bildar og alle typar finnes på NIBO sine nettsider.

Kilde NIBIO: <http://www.skogoglandskap.no/temaer/vegetasjonstyper>

### 1. Snøleie

#### 1b Grassnøleie:

Vegetasjonstype i lesider med langvarig snødekke, men smelter tidlegare ut enn førre type. Utsmelting skjer som regel i slutten av juni eller først i juli. Næringsstilstanden i jordsmonnet er fattig til moderat. Dette er en vegetasjonstype med fleire utformingar. Felles for disse er en artsfattig vegetasjon dominert av gras og halvgras. Stivstarrdominans er mest vanlig i grassnøleier i fjellkjeda i Sør-Norge, mens smyledominerte utformingar er meir vanlig i Nord-Norge og på Vestlandet. Ut mot kysten dominerer finnskjegg ofte i grassnøleier. Finnskjeggsdominans finnes også i innlandet på låglendte steder der vann stagnerer under avsmelting.

Dominerande arter: Sivstarr, Finnskjegg, Smyle og Rabbesiv

### 2. Heisamfunn i Fjellet

#### 2b Tørrgrashei

Tørrgrashei overtar lesida når vi går opp i mellomfjellet, men kan også opptre på rabber. Mest typisk er typen på flate, opplendte flyer. Snødekt kan variere fra tynt til moderat. Tørketilpassa gras og halvgras som rabbesiv, sauesvingel og stivstarr dominerer vegetasjonsdekket. Lavdekninga kan være god, mens busker og lyng opptrer meir sporadisk. Smyle kan få høg dekning ned mot lågfjellet. Musøre kan ha betydelig dekning i høgareliggende utformingar. Her kan også innslaget av vardefrytle bli stort.

Dominerande arter: Rabbesiv, Sauesvingel, Stivstarr, Smyle, Vardefrytle, Geitesvingel, Islandslav, Reinlaver og Gulskinn.

#### 2c Lavhei

Lavheiar opptrer på høgder i terrenget der snøen blåser vekk om vinteren. Vokse stadet er prega av næringsfattig og veldrenert grunn, tynt snødekke, vindslit og frost. Vegetasjonen er lågvokst og artsfattig, gjerne brott opp av stein og open grus. Krypande lyngarter og dvergbjørk samt snøskyande lavartar dominerer vegetasjonen. Urter og gras kan forkome sparsamt. Botnsjiktet er oftest dominert av lav, men i områder med høgt beitetrykk fra rein kan lavdekket være nedbeita. Småvokst vier kan forekomme i lavheia. Ei utforming dominert av mjølbær finnes i tørre, sør vendte skrånningar og grusrygger, ofte i seterområder med tråkkslitasje.

Dominerande arter: Fjellkreling, Mjølbær, Gulskinn, Rabbeskjegg, Reinlavartar, Kvitkrull og Heigråmose

#### 2e Rishei

Risheiar opptrer på steder med stabilt snødekke, men noelunde tidlig utsmelting (juni). Rishei er typisk for næringsfattig mark med moderat vassforsyning. De vanlegaste utformingane har dvergbjørk, blåbær, fjellkreling og smyle som dominerande arter og et tett botnsjikt av etasjehusmose. Ved godt snødekke kan dvergbjørka gå ut. Ved god vassforsyning kan lappvier og sølvvier få høg dekning. Nær setrer finnes ofte et busksjikt av einer. Ved sterkt beite av fattige risheier kan finnskjegg få sterkt dominans.

Dominerande arter: Dvergbjørk, Blåbær, Smyle, Skrubbær, Etasjehusmose og Kvitkrull

### 3. Engsamfunn i fjellet

#### 3a Lågurteng

Lågurteng er ei samlegruppe for gras- og urtedominert vegetasjon i fjellet som er lågvokst og artsrik. Typen er i første rekke knyttet til kalkførande bergarter. Typen kan være variabel i artssamansettning og produksjon, men preget av gras- og urterik, kortvokst eng med stor artsrikdom er karakteristisk for alle utformingar. Mange arter vil være felles med grassnøleier, men i tillegg vil vi få godt innslag av ei rekke næringskrevjande arter. Botnsjiktet har som regel et dårlig utvikla mosedekke. Lav kan finnes i enkelte tørkeprega utformingar, dette vil helst være reinlav.

Dominerande arter: Stivstarr, Slirestarr, Smyle, Fjellvein, Gulaks og Fjellfiol.

#### 3b Høgstaudeeng

Dette er ei samlegruppe for høgstaude- og storbregnesamfunn. Disse opptrer først og fremst i lier, rasmarker, forsenkingar eller langs bekke- og myrkantar med friskt sigevann nær overflata. Typen opptrer mest på fattig til middels næringsrik mark. Dette er en artsrik og frodig vegetasjonstype med høg produksjon av biomasse. Karakteristisk for typen i innlandet er et vierkratt, mest lappvier og sølvvier, over et sjikt av høge urter og gras. I de fattigaste utformingane dominerer arter som smyle, sølvbunke, engsoleie, engsyre og skogstorkenebb. Ved betre næringstilgang kommer det inn typiske høgstauder som tyrihjelm, kvitbladtistel, kvann, ballblom, kvitsoleie, turt m.fl. Urter frå lågurteng kan også få høgt innslag. Mosedekket er sparsamt utvikla og lav finnes normalt ikkje.

Dominerande arter: Sølvvier, Lappvier, Grønnvier, Ullvier, Tyrihjelm, Mjødurt, Turt, Skogstorkenebb, Sølvbunke, Engvein og Fjellburkne.

### 4. Lauvskog

#### 4a lav og lyngrik bjørkeskog

Lav- og lyngrik bjørkeskog omfattar de tørraste og mest næringsfattige utformingane av bjørkeskogen. Slik skog førekome på grunnlendt mark, eller på tørre, næringsfattige lausavsetningar. Dette er en lågproduktiv type med open og kortvokst tresetting. Trear er gjerne fleirstamma og krokete. Gras og urter er beskjeden representert. Lyng, lav og mosar dominerer undervegetasjonen. Fleire utformingar finnes. Lavrike utformingar finnes i første rekke i nedbørfattige områder. Her kan lavartane kvitkrull, reinlaver og islandslav danne ei tett matte som gir lite plass for andre arter. I lyngdominerte utformingar kan røsslyng, krepling, blokkebær og tyttebær være dominerande arter.

Dominerande arter: Bjørk, Dvergbjørk, Fjellkreling, Tyttebær, Blokkebær, Røsslyng, Etasjehusmose, Furumose, Reinlavarter, Kvitrull og Islandslav.

#### 4b Blåbærbjørkeskog

Den vanlegaste av bjørkeskogene. Denne typen er ei midtstilling med omsyn til krav både til vann og næring i jorda. Blåbærbjørkeskogen er avhengig av betre tilgang på vann og næring enn førre type, men vil ha mindre av dette enn neste type som er engbjørkeskog. Typen opptrer både i opplendt og hellande terrell, samt i lisidar med moderat vannforsyning. Dette er en artsfattig skog, med tresjiktet som har høgare, tettare og meir rettstamma træ enn førre type. De viktigaste artene i feltsjiktet vil som regel være blåbær og smyle. Tyttebær kan ha god dekning saman med sprett førekomst av et mindre tall urter. Et tett dekke av mosar som etasjehusmose, furumose og sigdmoser er vanlig.

Dominerande arter: Bjørk, Blåbær, Fjellkreling, Smyle og Etasjehusmose.

#### 4c Engbjørkeskog

Engbjørkeskog er en fellesnemning for alle bjørkeskogstyper på næringsrik mark dominert av urter, gras og bregnar. Mest typisk forkome engbjørkeskogen nedst i lier, i forseinkingar og langs vassdrag. Engbjørkeskog er en høgproduktiv og artsrik vegetasjonstype. Tresjiktet er rettstamma og dominert av bjørk, men også andre arter som osp, rogn, selje og vierarter kan stedvis ha høg dekning. Typen

har tre hovdeutformingar: Lågurtutforma, opptrer på næringsrik mark med moderat vassforsyning. Storbregneutforma finnes på steder med frisk til våt grunn. Høgstaudeutforma krev rikelig tilgang på friskt sigevann og betre næringstilgang enn førre type.

Dominerande arter: Bjørk, Tyrihjelm, Turt, Mjødurt, Skogstorkenebb, Sølvbunke, Engkvein, Skogsburkne og Fjellburkne.

#### **4g Hagemarkskog**

Vegetasjonsbildet i en hagemarkskog er et resultat av sterk påverknad frå menneske og dyr gjennom beiting, slått, gjødsling, tråkk og rydding. Slik påverknad fremmer utvikling av spesielle arter og plantesamfunn. Karakteristisk for hagemarkskogen er et opent tresjikt av bjørk, or, gran eller varmekjære lauvtreslag. Feltsjiktet vil være dominert av arter som tåler kultivering og som blir favorisert av økt lystilgang. Dette vil i hovedsak være grasarter, saman med urter som er lågvokste eller som dyra ikkje liker. Lyng, lav og høge urter vil ha liten dekning. På fattig grunn kan finnskjegg få stor dominans. Ta kulturpåverknad slutt, vil vegetasjonen gradvis utvikle seg mot arealets opphavelige plantedekke

Dominerande arter: ingen

### **7. Granskog**

#### **7b Blåbærgranskog**

Typen opptrer ofta i flatt eller litt hellande terreng med god drenering og godt jorddekk. Blåbærgranskog er en artsfattig granskogtype ofte med gran som einaste treslag. På noe magrare mark kommer furu inn, mens friskare parti kan ha innslag av bjørk, rogn og selje. Blåbær, tyttebær og smyle dominerer feltsjiktet saman med et fåtall urter som maiblom, skogstjerne, nikkevintergrønn, gullris m.fl.

Dominerande arter: Gran, Blåbær, Skrubbær, Smyle, Etasjehusmose og Furumose.

#### **7c Enggranskog**

Enggranskog er en fellesnemning for alle granskogsutformingar dominert av urter, gras og bregnar. Som for 4c kan typen deles opp i tre hovdeutformingar: Lågurtutforma opptrer i solvarme lier på næringsrik, ofte grunnlendt jord. Vassforsyninga er moderat. Storbregneutforma finner vi i lier, ravinar og på flat leirjord med frisk til våt grunn. Høgstaudeutforma krev god og djup jord med tilgang på friskt sigevann og betre næringstilgang enn førre type. Disse er en artsrik skogtype med høg produksjon både i tre- og feltsjikt. Gran dominerer i tresjiktet, men er ofte iblanda fleire lauvtreslag. I feltsjiktet dominerer urter, bregnar og gras. Beita utformingar vil ha stort grasinnslag. Ståande skog er ofte så tett at undervegetasjonen er glissen. Hogstflater viser til gjengjeld stor frodigheit

Dominerande arter: Gran, Tyrihjelm, Turt, Skogstorkenebb og Skogburkne

### **9. Myr**

#### **9a Rismyr**

Denne myrtypen har en artsfattig og nøyssam vegetasjon som klarer seg med den næringa som blir tilført med nedbør og strøfall. Myras form og liggiestad har gjort at den har bygd seg opp slik at vegetasjonen har mista kontakten med grunnvatnet. De typiske rismyrane finnes i flatt eller svakt skrånande terreng og har et mektig torvlag som ofte stiger mot midten av myra. Typen er artsfattig og nøyssame lyngarter og dvergbjørk dominerer feltsjiktet. Molte vil ofte ha høg dekning og kan være dominerande art. Botnsjiktet danes av torvmosar, meir eller mindre frodig etter tettheten i feltsjiktet. På tuver og tørre parti kommer det ofte inn heigråmose og lavartar som kvitkrull og lys- og grå reinlav.

Dominerande arter: Dvergbjørk, Røsslyng, Krekling, Torvull, Molte og Torvmoser.

**9c Grasmyr**

Dette omfatter alle jordvassmyrer som ikke er dominert av bjønnskjegg. Typen er avhengig av tilførsel av vann som har vært i kontakt med mineraljord. Grasmyrene forekommer i flatt og moderat hellende terrenge. Ulike starr- og grasarter dominerer i feltsjiktet. Næringsfattige utforminger har et lite artsutvalg der 2-3 arter kan dominere fullstendig. Dette gjelder spesielt blåtopp, bjønnskjegg, flaskestarr, trådstarr, slåttestarr og duskull. Botnsjikt av torvmoser er her mest vanlig. I næringsrike utforminger kommer mer kravfulle arter inn, deriblant mange urter.

Dominerande arter: Sølvvier, Lappvier, Pors, Rome, Duskull, Torvull, Bjønnskjegg, Blåtopp, Flaskestarr, Trådstarr, Slåttestarr og Stolpestarr

## 12. Uproduktive areal

**12c Bart fjell**

Dette omfattar berghamarar, fjellblotninger, strandberg, fuglefjell og skjær, det vil si alt areal som ikkje er dekt av lausmasser og har mindre enn 25 prosent vegetasjonsdekning.

## 12. Kartdel

Tilhøyrande denne beitebruksplan skal det vera tre kart:

1. Oversiktskart med beiteområder m.m.:
  - Beiteområder med namn og nummer
  - Aktive stølar
  - Bufarsvegar
  - Beiteinstallasjonar som sperregjerde, ferister, sankeplassar
  - Makering av kor beitedyra går idag
2. Beitekvalitet med beiteområder:
  - Beitekvalitetskart
  - Beiteområder med namn og nummer
  - Aktive stølar
  - Bufarsvegar
  - Beiteinstallasjonar som sperregjerde, ferister, sankeplassar
  - Makering av kor beitedyra går idag
3. Kommuneplan og utmarksbeite
  - Kommuneplanen
  - Utmarksbeiteområder med namn og nummer
  - Aktive stølar
  - Bufarsvegar
  - Beiteinstallasjonar som sperregjerde, ferister, sankeplassar
  - Makering av kor beitedyr går